Fraa By og Bygd.

Tidskrift

aat

Vestmannalaget.

IV.

Bjørgvin.
Hjaa Ed. B. Giertsen.
1871.

1038
* 058.1
F641
1871
1#

Prentad hjaa Georg Grieg.

Nokre Minne fraa ei Auſtlandsferd.

Av Olav Brekke.

At vera Skulemeiſter øvſt upp i ein Fjelldal paa Voſs kann vera vel nog; Gjerningi er i ſeg ſjølv all Æra verd, og dan Karen, ſom ſkal gjera henne til Gagns, heve alltid likaſo mykt at tenkja paa ſom einkvar annan. Men naar du heve fenget Hug til at ſjaa deg um i Heimen; naar du lengtar etter at faa Greida paa Livet og Leiken darute ſom du veit at alle Ting arta ſeg ſtørre; naar du gjerna vil læra ditt Land og ditt Folk at kjenna, og traar etter at auka di Livsrøynſla og dan veſle Kunnſkapen, ſom du fekk paa Seminarien, — daa verd dat helder trongt i Dalen din; daa verda dei kjære ſtaute Fjelli dine til eit Stengſel, ſom du maa ſtiga yver. Dat leggſt likſom eitkvart tungt inn paa deg; du ſer oftare og oftare burt etter Opet, ſom ber ut or dan vetle Heimbygdi di, og ſidſtpaa kann du inkje ſtadna lenger, du lyt laga til Skreppa og ut. Og kven ſkulde vel trenga meir til at ſjaa ſeg um en

ein Skulemeister? Kven skulde vel meir turva Kjendskapen til Land og Folk en han, som er sett til at ala upp Ungdomen, sett til at saa ut dei Fræ i dei unge Hjarto, som skulde renna fram til Fedralandselsk og Almannhug hjaa dan vaksne Mannen? Kven tarv vel meire auka sin Kunnskap og sitt Vit en Seminaristen, som inkje lærde stort annat paa Seminarien en at skyna si eigi Faakunna?

Med slike Tankar lagde eg i Vegen austetter i Fjor Vaar, og eg var inkje langt komen, fyrr dat datt meg ei Segn i Hugen um ein, som vardt kallad Jordalskopen og som var uppalen i ein Avdal dar heima, alt til dess han var mest vaksen. Daa fekk han ein Gong vera med heim aat Tjukkebygdi. Men daa han var komen so langt, at han fekk sjaa i nokre Gardar, ropte han: Aa nei! Eg trudde Verdi var vid, men at ho var so vid, hadde eg aldri tenkt! Og daa han kom inn i Kyrkja, spurde han: Kvar er no Baasen min?

Naar eg no freistar med her at bera fram desse Minni, so vil du ogso, min gode Lesar, faa Syn fyre Segn, kvat Heimføding han er, som skreiv deim ned. Dat vil fulla koma fram, at dat, som fyre andre er smaatt og kvardagslegt, heve lagt seg inn

paa meg som nokot merkande, medan dat, som kunde vera Umtale verdt, er kvorvet meg or Syni. Men likavel kann dat hava si gode Sida, at andre kann faa vita, med kvat Augo ein Skulemeister fraa ein Avdal ser paa Land og Folk. Eg skal sjaa til at fara fljott fram, so at du, min gode Lesar, inkje heilt skal missa Tolmødet ditt.

Valdresvegen foor eg fram, og dat er vel ein fager Veg at fara; men dat er so mange, som hava maalat dat makalause Dalføret fraa Ende til annan, so at eg kann spara meg dat Arbeidet. Dar heima kjenna me Valdresen berre av dei Rekefantar, som fara paa Tigging elder som søkja um Arbeid. Dat er vel difyre inkje at undrast paa, um me Vesser faa helder laake Tankar um Valdres, og meina at dat maa vera ei vesall og arm Fjellbygd, dar slike Folk hava heima. Eg kom no til Valdres med slike Tankar, og dat vardt meg difyre til ei gledeleg Bisn at sjaa kor eg reint hadde teket i Mist. Store fine Bygder, Gardarne betre upphyste en paa Vos og i Sogn, og mangt gildt i Husstellet, som me inkje hava her vest, var dat som møtte Syni mi. Mesta myket av Bykulturen totte eg vel dat alt var, men dat er no vel inkje lenge

fyrr han tykjer so, dan som er Heimføding og smaalaatet uppalen. Vænt var dat likavel, og meir og meir stormannslegt med kvart som du kom ned etter. Fremst i Dalen i Vang og Slidre saag eg meg god Syn med at halda meg i Lag med Folki, som med Jamlikar, men daa dat bar ned i Aurdal, var dat likſom eg ſjølv totte eg vardt av eit grovare Grjot; Maalet mitt leet likſom for sterkt, og Klædebunaden min er dat no inkje rødande um. Dei ama myket etter at vera store og fine Garmannsfolki, dat saag eg greidt baade i Maal og Sed. Og med Gardar, som ero skyldsette til tjuge Skyldalar, er dat vel ei stor Freisting med dat, kann eg tru. Kvendi synteſt vera dei, som hardaſte strævde med at vera Storfolk, men dei fekk dat no slett inkje rett til, totte eg. Best som dat var, so vann Naturi paa Upptuktingi, og dan kavande Norskdomen kom framstingande gjenom dat lause Utanpaahenget. Dat framande vil fulla ogso snøgt detta heilt av Valdresen, naar dan friske nationale Gusti fraa Maalsaki tek til at blaasa gjenom Dalføri vaare baade aust og vest. Dat same vonar eg ogso vil verda Tilfellet med Folket lenger aust i Land. Alt um dat her er endaa meir storkarslegt og Gar-

darne reint sjaa ut som Herregardar og Bønderne med „Damerne" sine koma stigande i dan fulle ytre Bymunduren likſom rette Storfolk, ſo totte eg daa, at Nordmannſkapen laag paa Botnen dar ogſo, naar eg kom i Snakk med deim, inkje at tala um dan ſtore Aalmugen — Husmenner, Tenarar og Arbeidsfolk — ſom eg dar og allſtad heve funnet at vera nokorlunda av ſame ukjemde Heimeſkaplyndet.

Dat er makalauſt til ſine Bygder her er, og dat er inkje Skryt, naar Ferdamenner kalla ſlike Utſyn, ſom fraa Aaſen millom Land og Vardal paradiſiſke, anten dat gjeld Landſkapen veſt i med dan makalauſe Randsfjorden og Bygderna dar ikring, elder Landet auſt etter til Vardal, Totn og Mjøſi. Naar Folki her vilde ſnu ſin Hug til dat heimelege i alle Maatar, og venda ſeg fraa Jaget etter ein unorſk og koſtaſam Livemaate, ſom ber ut paa Vidaatta og berre fører Uro og Faafengd med ſeg, ſo maatte her vera rett ein fagna Heim at vera i. Som dat no var, med alt dette Kakſeſtellet, ſo kann ein rett verda hugſjuk ved at ſjaa paa Folkelivet her, og eg kjende her fyrſte Gongen likſom Heimhugen lagdeſt inn paa meg, daa eg kom i Hug vaart

smaalaatne, men etter som eg tykjer meir heilstøypte Liv i Heimbygdi mi.

Ved Enden paa Kongsvegen, som ber hegat fraa Vestlandet, ligg Jøvik. Dat er eit Krek til By, ein Umage, som dat inkje ser ut til at vera Vokster i. Daa eg kom til Mjøsi her, so tenkte eg, at dat langt ifraa inkje var so vænt i kringum Mjøsi, som Folk hava sagt. Totnlandet paa eine Sida var berre myrke Skogaasarne, og paa hine Sidorna av Mjøsi saag eg helder inkje annat en Skog og Flatlende. Isen laag endaa paa Mjøsi, og eg fekk ganga yver til Hamar. Men daa eg kom til Neslandet og Helgøyi, daa totte eg dat var fagert. Me Fjellfolk kunna litet tenkja oss til slike Bygder. Dat er inkje brattare korkje paa Nes elder Helgøyi, en just so myket dat er vel vatsrent, og so ligg dan eine Herregarden ovum hin, men slike Aakraflæta og Engveller, som dar er, hava me ingen Tanke um. Eg veit visst, at tie av dei jambeste Menner paa Voss inkje eiga so myket Aaker som ein Mann dar. Her ser rikt og feitt ut i kvar Bygd her ikring, store Aakrar, jamne vide Engjer, og tjukke Skogen i Bakgrunnen mot Himmelsyndi. So er dat kringum Furnesfjorden,

som skjer seg fleire Mil inn i Landet nordetter; so er dat i Stange, i Vang og flestalle Prestegjeld som høyrer til dat gilde Heidemork. Eg tykjer her laut vera hardla lettvint og lettliva i desse Bygder, og naar Folk inkje vilde bruka seg med dan store Livemaaten, som no dei gjera, maatte her tvillaust vera Rom fyre fleire Folk, som alle kunde hava dat baade godt og sutlaust.

Hamar, som er Stiftsstad i Hamarstift, som med Jarnveg stend i Samband med Øystredalen og ligg midt i dat rike Heidemork, skulde ein venta var ein gild By. Men dat saag inkje likt ut til dess, totte eg. Dat gleim vel i Krambuderna med mykket utanlands Bykram, men ægte Perlor og Gull er inkje nokot godt Mark paa Velstand og godt Stell. Slikt armar berre Aalmenningen og kjem med Atterslag tilbaka paa dan Kaupstaden, som dat gjeng ut ifraa. Betre er dat, naar ein By kann hjelpa fram Heimearbeidet og vera likjsom ein Kanal, som detta kann strøyma ut igjenom. Dat skulde vera ei Sak fyre Kaupmenner at uppmoda Aalmugen til slikt Heimestarv og Kunstarbeid, som kunde høva med Folkegivnaden og Naturframkjømet, so at Folket kunde faa meir at selja. Velstandet skulde

daa verda ſtørre, og darmed ogſo Handelen ſtødare og betre, til Bate fyre Kaupmannen ſjølv. Men Hamars Handelsmenner apa etter Hovudſtaden, og han etter Kaupenhamn og Paris, og darmed ſo gjeng dat ſom dat gjeng. Hamar ſkal helder inkje ganga nokot vidare fram, er dat ſagt meg.

Dat er ſjølvſagt, at eg laut burt og ſkoda paa dei vidgjetne Leivningarne av dan gamle Domkyrkja, ſom ſtanda ſo manande ute paa Neſet nordanfyre dan moderne Smaabyen, og tala til oſs um ei Tid, daa Noreg ſtod ſtødt og godt paa eigne Føter. Dat er fulla helder tungſamt, at ſjaa ſtore og ſtaute Minnesmerke liggja i Grus; men ſer ein paa deim paa rette Maaten, ſo gjeng dat likſom nokot elektriſerande ut or deim, du kjenner Blodet renna ſljotare i Aadrom og du heve likſom fenget ei ny Kraft i deg til at finna Fotfaret til Federne og til at ganga dan Leidi, ſom ber fram til dat rette Maalet, fram til national Helſebot og folkeleg Styrke. Daa eg ſat inn paa Kyrkjetufti paa dan Stolpeſtubben, ſom dei bruka til Talarſtol 17de Mai, og ſaag paa dei høge, fagre Sulorna med dei ſterke Murkvelvar upp aa, paa dat ſtore ſteinlagde Kyrkjeſkipet og Koren og Altaret, og tenkte

meg dat alt i sin gamle Glans, daa lagdest dat tungt inn paa meg, kor myket gildt dat vardt spilt og øydelagt i dan Tid, daa Daneveldet marareid ofs. Dat var dessverre inkje berre dei gamle Kyrkjor, som leid Skade. Daa eg sat dar, var dat som eg sat paa Gravhaugen til vaar nationale Storleike; men daa eg gjekk darifraa, var eg likavel glad, at me hava slike manande Minne fraa dan gamle, gode Tid. Eg laut snu meg endaa ein Gong, og sjaa paa dei gamle Steinar, som Federne bygde upp; eg kjende likfom Varmestraalar smjuga inn i Hjartat og kvessa meg til at ogso bera min Stein til dan nationale Bygning, som no lyt umvølast og fullføraft paa dan gamle Grunnen. Og daa eg so paa Heimvegen saag upp aa Folkehøgskulen paa „Sagatun", daa var dat meg som eit Vitnemaal um, at dat er paa god Veg med Byggningi, alt um denne Skulen trulege er meir norsk i Namnet en i Gagnet. Men Namnet er no og so kavande norskt, at dat kunde hjelpt med mindre.

Tidla dan næste Dagen gjekk eg upp aa denne Folkehøgskulen, dan fyrste, som vardt til her i Landet. Vænare Gard og gildare Hus skal du lenge leita etter. Eg bad Anker, Eigaren, um Løyve til at

faa vera paa Skulen eit Par Dagar, og han var inkje dan Mannen, som svarade nei, skulde eg tru. Eg saag no snøgt, at dan Skulen var nokot heilt annat en Seminarien. Dat gjekk fritt og vandalaust til dar, og Læresveinarne vaaro snilde og jamne at vera i Lag med. Dat var greidt, at Skulen hadde gjort deim varme og vinlege. Dar var no seksti Læresveinar, men ei tie Stykke vaaro alt heimfarne til Vaar-Onni. Dat saag ut til at Lærarar og Sveinar bar seg som Jamlikar mot kvarandre; dei spilade Ball i Lag, foor aat Veideskogen i Lag og var isaman so ofta som dat kunde vera Høve til di. Paa Skulen var dan gamle Gudelæra og Sogorna dat som jamnaste vardt umrødt, og i Fyredragom um Gudelæra vardt dat talat um Kristendom, um Rikslæra og nokot av kvart. Dat er likt til, at dan gamle Læra skal høva attaat alt. Dat kann no vera for myket av dat gode ogso. Men Fyredragi hans Arveseen, Læraren, var makalaust livfulle. Attaat gode Talegaavor og ei god Røyst fylgjer dat ogso slik god Daam med honom, at dat er myket. Anker høyrde eg inkje, men han var ein fin, eg hadde nær sagt, kvendsleg liten Kar. Dat maa vera godt To og Hjartelag i honom, som heve

bygt og offrat so myket paa denne Skulen, og du skulde inkje merka, at han, etter som dat vardt meg fortalt, endaa kvart Aar set Pengar til paa dette Karsverket sitt, som heve kostat honom so myket i fyrste Utlaget. Baade tvo Lærararne ere ovsnilde mot Framandfolk, som koma her og vilja lyda paa, og paa slike skal dat sjeldan vera Skort. Dat var difyre hugnadlegt at vera paa Sagatun, alt um eg inkje beint fram likade alt dar. Eg tvilar fyre, at dan grundtvigske Etterapingi i Læreviši inkje vil vera til nokot rett Gagn fyre norske Bondegutar. Dat Synet paa Livet, som dei faa her, kann vera vel nog i sume Stykke, men i Grunntonen er dat nokot, som inkje vil høva med Bondehugen i dei norske Bygder. Skulde du faa alt til at ganga i dan Duren og so lett og smilande, som dei meina, so fekk me nog fyrst sjaa til at faa umskapa baade Natur og Livsvilkor. Dat vil fulla nokot annat til her uppe millom Fjellom, en nede paa dei danske Øyom. Ein lyt bruka Alvora her fulla, og taka i dat ein orkar. Dan, som skal nøra seg i Fjelli, fær korkje vera skinnsaar elder hugabraar, og Arbeidet hans er ingen Leik, som du alltid kann ganga syngjande til. Dat skal nog segja seg sjølvt til,

naar du vil freista med at taka Livet paa dan Visi. Folkjens Skaplynde kann vel turva faa nokot hugfriskande inn i seg, nokot, som kann varma Hjartat og letta Tanken, men ein lyt vel agta seg fyre at kila inn nokot uheimelegt, nokot som er imot Naturi, og dat vil dat danske grundtvigske Væsen vera, som eg trur dat er vel mykket av paa Sagatun og kann henda paa fleire av vaare Folkeskular. Som dat no er, so trur eg ogso, at Gutarne lesa og læra for litet. Lærararne vilde inkje dei skulde lesa mykket, sagde mange av Gutom, dat var skadelegt fyre Helsa at lesa mykket. Dat høver vel ogso til detta, at Gutarne vardt so litet spurt um dat, som dei hadde havt fyre seg, dei tri Dagarne daa eg var dar. Eg totte i dat heile, at dar var litet at kvessa Tanken paa. Rekning og Maallæra vardt tekne helder lett, og Stil vardt dat inkje skrivet. „Stilovelsen er aandsdræbende," sagde Arvesen. Naar ein berre er vakt, meinte han, so kjem Dugen til at skriva av seg sjølv. Maalsaki vyrde han [illegible] um. „Der er Dialekter i alle Lande, og de ere ikke mere lig Skriftsproget i andre Lande end her," var dei Ordi, som han dømde Maalsaki med, som ei unaudsynleg Sak. Dat er vel dat jamne Um-

kvædet til alle Inkje-Maalmenner, veit eg. — Etter min Meining vardt Gutarne ogso helder sint uppvande paa Sagatun. Meste Luten av Læresveinarne turfte inkje hava skapt seg finare til, um dei hadde voret Kandidatar, og eg fekk høyra, at dei øydde inkje so faae Skillingar medan dei vaaro paa Skulen. Men ein Skule, som er byrjad med slikt godt Hjartelag som denne, maa tvillaust gjera sin store Nytte; dat kann vel ogso vera Von um, at slike Hjartefolk som desse tvo Lærarar vil snu Hugen sin meir og meir til dat heimelege, som dei faa Auga paa hjaa Gutom, og skipa Skulen sin so at han sidstpaa verd ein god norsk Skule likavel. Eitt er no visst, og dat er, at inkje eg so snøgt skal gløyma dei vinlege og snilde Lærararne paa denne Skulen.

Daa eg foor darifraa, kom eg i Lag med Stortingsmann Norderhaug, og han var so snild, at han straks bad meg slaa Lag heim til Løyten, dar han heve Bustaden sin. Eg var hjaa honom eit Par Dagar og fekk læra dan rette austlendske Gjestmilde at kjenna; han tok meg ogso med seg i Grendi, dar dat kunde vera eitkvart forvitnelegt at sjaa. Eg undrast paa, um nokon av vaare vestlendske

Tingmenner hadde brytt seg so mykot um ein rekande Austmann? Men han Norderhaug er ein national Mann. Eg minnest vel Ordi hans, daa han sagde, at ein Bonde maa snakka sitt Bygdarmaal og halda seg til Bygdarvisi i Tingsalen og i all Umgang med Byfolket. Slike skulde alle Tingmenner vera, daa sat dat inkje so mange og knotade og skjemde sitt gode Fedramaal, som dat no gjerer.

Sunnanfyre Løyten kjem ein til dan fagre Romedals-Bygdi. Her etter Vegen er dat so vidsynt som naar ein stend upp aa høgste Fjelli heima, og dat var likssom eg kjende same lette Haatten fara i meg, som naar ein er dar uppe og ser ut yver Landet. Dat var som eg vilde taka Flugti, so lett kjendest eg. „Du lyt syngja med meg," sagde eg til ein Austmann, som trefte til at ganga same Vegen, „dat brenn i Hugen min, naar eg ser paa dat fagre Landet ditt." Men han var helder seig at faa til; dat var helst likt til, at han inkje rett skynade meg. „Desse store vide Syner, som de hava her, maa daa vel ala eit Huglynde daretter, vidsynt og stort, som alt er her i kringum," meinte eg. „Dar heima hjaa oss sjaa me berre eit hyrnutte Spuns av Himilen nede ifraa dan tronge Da-

len." Men daa meinte han, at dar millom dei store, staute Fjelli maatte daa helder alaſt Folk med ſtort og ſprækt Huglag. Ja ſoleides ſer dan eine med ulike Syn paa dat, ſom høyrer dan andre til.

So kom eg daa til Glaamdalen og Solør, elder rettare: Saaler. Her er dat ſereigne med dat auſtlendſke Kakſelivet fulla beſt ſjaaande. Dei ſtørſte Herregardar, dan eine gildare upphyſt en dan andre, paa eine Sida av Vegen, og ſo ein Mole lenger framme dan ſkarvnaſte Husmannshytta, du kann ſjaa. Dan eine Augneblinken kjem dat ein køyrande i dan gildaſte Vogn med glimande Greidor og ſprække Gampen, ſom dat være ein Grosſerar fraa Byen, — dat var Husbonden, ſom ſkulde til Gjeſtabod; ſtraks etter møter du ein Flokk, Mann med Kona og Ungar, ſo larkutte, at Klædi ſnaudt ſkyla Kroppen, — dat var Husmannsfolki, ſom ſkulde ut paa Tigging. Eg var her nokre Dagar, eit Tak hjaa Stortingsmann Schulze, ſom Norderhaug hadde ſendt meg til med Helſing, og eit Tak hjaa ein Skulemeiſter. Schulze er ein kvat og folkeleg Mann, og ſkal eg døma etter kvat eg heve røynt, ſo hava Landsfolki her juſt havt godt Vit paa at velja dei rette Talsmenner fyre ſeg. Eg

fekk sjaa myket av Kakfestellet, men eg er slett inkje vorden ovundsjuk paa deim, og daa eg kom inn i Skulestova og saag, kor fullt dat var med larkutte Ungar, daa tenkte eg rett med Hyggje og Gaman paa mi eigi vetle Skulestova heim i dan tronge Fjelldalen. Me hava visst inkje so myken Stormannskap hjaa oss dar heima, men so hava me helder inkje so myken Vesaldom.

Men lat meg inkje gløyma Lovnaden min, at eg skulde fara fljott fram med deg. Dat kann no helder inkje vera nokot vidare at stadna etter her paa dei endelause Skogamoar nedetter Glaamdalen; dat skulde daa vera i Grendi ved Gruve Kyrkja, som ligg fint og lysande til inn i alt dette einsformade Skoglendet. Kongsvinger, som elles ligg i eit vænt Bakkehall litt nordanfyre Glaama, er helder ingen Ting at hefta seg ved, og um Jarnvegsferdi darifraa og til Oslo heve eg inkje annat at fortelja, en at eg vardt innstuvad i Vogni i Lag med nokre drukne Svenskar og andre Rekefantar, som foor og høyrde seg etter Arbeid. Dat var ufjelgt at høyra paa Vaalet og Skrikfongen deira, men endaa fælare at lyda paa Banningi, som me daa, Gud skje Lov, aldri faa høyra Maken til her

veſt. Eg var fulla fegen, daa eg var utor dette Laget komen og ſtod paa Gata inn i Noregs Hovudſtad, ſom eg hadde ſtundat etter at faa ſjaa.

Dat er no elles inkje ſo greidt fyre ein ſlik Heimføding ſom eg, at finna ſeg til rettes i ein ſtor framande By. Dat gjekk likavel helder betre en ein kunde vona; eg kom til at faa Husvære hjaa ſkaplege Folk. Kona i Huſet var komi ned paa Jarnvegsſtationen og ſkulde bjoda Ferdamenner Husrom, og henne fylgde eg heim, men fyrſt etter at eg hadde havt mi arme Raad med at fria meg fraa ein heil Flokk med Smaagutar, ſom var darnede i ſame Ærend ſom Kona og hengde ſeg faſt i Klædi mine ſom Kleggjer. Dat fyrſte eg kom i Samtale med Mannen i Huſet, ſpurde eg honom um han kunde ſegja meg av honom Aasmund Vinje, ſom eg var ſo hugad faa Fat i. „Ja, dat var vel inkje vandt at kjenna honom," ſagde han. „Han fer dagſtødt med ein Papirrull under Armen fram etter Karl Johans Gata med dette Gangelaget." Og darmed ſo tok han til at ſkjekkja paa Okſlerna og rugga burtetter Golvet. Men kvar „Dølen" budde visſte han inkje.

Dagen etter var ein Sundag, og eg gav meg

til at vingla fraa Kyrkja til Kyrkja. Sidstpaa slapp eg inn i katolske Kyrkja, men du kann tru dat var forvitneleget fyre meg at sjaa og høyra paa Stellet her. Eg fær vel inkje oftare høyra so væn Song og slikt gildt Spel som dar. Dei sungo ein Hymne til Jomfru Maria, og dat leet so fagert attaat Toneleiken, at eg vel seint skal gløyma dat. Dan lange Fyregjerdsla med Kyrkjeskikkarne deira totte eg elles var meir forvitneleg en uppbyggeleg. Daa Kyrkjetenesta var ute, bad eg ein av Tenarom um Løyve til at faa sjaa meg um i Kyrkja, og han var jamvel so snild at han sjølv synte meg kringum. Soleides bar dat til, at eg fekk sjaa Handi hans heilag Olav, som stod i eit Skrin under eit av Altarom. Eg totte Handi var helder liti, til at vera etter ein slik handfast Kar.

Eg nøytte Tidi so best som eg kunde eit Par Dagar, kom meg inn i Stortingshuset, i Musearne og Teatret med, men at skriva um desse Ting vil no inkje eg vaaga meg til. Ein Dagen hadde eg meg upp aa ein høg Bakke, som ligg nordum Byen, for eg hadde Hug til at sjaa vel utyver Staden. Upp aa Riset sat dar ein Kar paa ein Benk med ei stor Bok millom Hondom. Dat var nokot ved

Mannen, som dreiv meg til at helsa paa honom og ynskja: „signe Kvile". Han helsade vinlegt atter og meinte, at eg laut vera fraa Sogn, paa Maalet mitt. „Dat var no inkje langt av Leides gjetet," svarade eg, og darmed kom me i Godsnakk. Eg fekk vita, at han var ifraa Bergen og laag ved Høgskulen og studerade Teologi. Namnet hans kann eg ogso nemna, for eg veit inkje annat en berre godt at segja um honom. Han heitte Kristen Rolfsen og var meg til Beine og Bate paa mange Maatar, medan eg var i Hovudstaden. Han baud meg no fyrst heim til Husa; Heimen hans laag i Bakken tett nedanfyre. Han var no Maalmann og, som du vel mest kann gjeta deg til, for andre hava inkje dat Godlaget med Bøndom og inkje dan Hugen til at tala med deim. Han fylgde meg til Ivar Aasen Dagen etterpaa. Dat er inkje stort Braak med denne vaar nationale Merkesmann, skulde eg tru. Vinleg og smaalaaten i all si Atferd. Eg hadde fulla tenkt meg nokot annat, og at dat skulde hava stadet Age av ein slik Frægdar-Mann, men eg kunde ottelaust snakka med honom som med ein av mine Sambygdingar. Han leet likavel falla nokre kvasse Lastord paa ein halv skjemteleg Maate um

at me Vesser og dei næmaste Grannarne vaare ero myket late i Maalsaki, me som hava so godt Maal, medan dei her austpaa, dar Maalet er helder skakkøyrt, stræva trottugt med at koma i rette Faret. Dat er fulla altfor sant til Skam fyre oss, men han Ivar skal no ventelege endaa sjaa dan Verknaden etter Gjerdi si, at ogso me koma med, og dat paa Karavis. Dat skal no vel snart vera Ende paa dan range Synsmaaten, som Lærarar og Storfolk hava potat inn i Almugen, um at Bondemaalet er eit ringt Skarvamaal og uhøvelegt til fagna Bruk. Eg kjem i Hug Guten, som vardt beden fortelja nokot av Bibelsaga paa Vossamaalet sitt og som bad so fint, at han i minsto laut faa bruka Danskemaalet til dei Ordi, som Gud sjølv sagde. Slikt skal no vel inkje ofta henda her etter Dags, takkad vere han Ivar Aasen.

Etter eg var komen i Lag med honom Rolfsen, fekk eg mangt sjaa og høyra, som eg visst elles inkje hadde fenget godt av. Han fylgde meg til Oskarshall, dan ovfagre vetle Kongsbustaden ute paa Ladegardsøyi, med sin fine heimegjorde Husbunad; med dei framifraa velgjorde Maalarstykke av Tiedemand, Gude og andre hæve norske Kunst-

menner; med dan makalause Utsyni uppe fraa Torntaket, og dan yndelege Hagen i Kring. Han førde meg ogso i Lag med ymse gilde Maalmenner. Dat hadde spurst, at Rolfsen hadde fiskat upp ein Seminarist fraa Voss, som heilt fram var Bonde, og honom hadde Maalmannsflokken Gaman av at sjaa. Dei gjorde likjom Æra paa Bondeguten og stemnde saman til Lag fyre hans Skuld. Soleides ein Dag uppe hjaa Student Klæbo fraa Nordland. Eg skal inkje so snøgt gløyma dat Laget med Skaalpaalarne og alle dei andfulle Ordi, som eg dar fekk høyra. Dat var meg mest som ein fager Draum med all dan Godviljen og Vinskapen og Hjartevarmen, som eg dar fekk røyna. Eg kann ogso takka Rolfsen fyre, at eg kom med i eit Møte i „dat norske Samlaget", og at eg fekk vera med i Studentarsamfundet og høyra paa dat fyrste merkelege Fyredraget hans Kristoffer Brun. Dan Kvelden fekk eg ogso vera med ein liten Flokk Studentar, som etterpaa Fyredraget samnadest i eit mindre Rom kring honom Bjørnson, Formannen. Her fekk eg ogso høyra denne Karen fortelja ymist av sine Barndomsminne og korleides han lagde ut sin Tydning av Folkelivet og kvat Voner han hadde til, at vaart

Folk no skulde reisast uppatter. Han hadde myki, um inkje meste Voni til oss Fjordbuar, sagde han. Du ser, eg fekk vera i Lag med fagna Folk, og dat kann eg altsaman takka Maalsaki og Maalmennerne fyre, som hava slik Gleda av at gjera vel mot oss Bønder, og som gjera dat paa ein slik Maate, at du greidt kann kjenna, at dat er dei, som tykkjast hava største Fagnaden av Samhavandet. Andre Storfolk kunna ogso vera blide og tye, men dat vil gjerna hava dat Laget med deim, kor som er, að ein kjenner seg nokot forkugad i Samværet. Meat, i Lag med Maalmonnom er dat som du var i Lag med Sambygdingar, berre at du kann læra so myket meir av deim, som dat ogso ventande kann vera. Men glade maa me Landsfolk vera, at Upplysningi no er komi til at taka sitt Fotfeste paa heimeleg Grunn, at dan studerande Ungdomen kjenner seg eitt med Folket og elskar dei Ættarmerke, som høyra Folket til.

Ein av dei sidste Dagarne, som eg var i Hovudstaden, var eg med Maalmennerne upp aa ein Hovde, som ligg i Nordvest fyre Byen. Nokot vænare en Utsyni fraa denne Staden finst dat inkje i vaart fagre Land, etter som eg trur. Heile Byen

og baade tvau Akersgjeldi laago so augberre fyre oss, at me mest kunde telja kvart Huset; og so dan fagre Fjorden utetter. Heruppe ved Gamanhuset hans Konsul Hefty maatte vera ein høveleg Bustad fyre Maalarar og Diktarar meinte eg. Hefty og Son hans, som vaaro daruppe dan Dagen, fylgde meg upp aa øvste Riset med Landkort og Kikart, og daruppe ser ein radt inn paa Sylvhjelmen til Gaustod, mest ut til Mynnet paa Fjorden og so eile dan fagre Maridalen. Daa me vaaro ned tta Støolen komne atter, vardt dat haldet som ei Veitsla med Skaaltalar fyre Maalsaki, fyre Vestmennerne, og mangt annat i same Stilen, og Song og Hurra leet dat attaat, so dat glumde i Skogen. Dar bad dei meg telja andre Vesser, som kunde sjaa seg Syn til dess, at taka seg ei Ferd til Hovudstaden, dei totte Mun i at hava reidelege Fjellbønder imillom seg. Aa ja, hadde mine Sambygdingar so sant nokot litet betre Vit, en dei hava, so leet dei seg inkje eggja tvo Gonger; men dessverre venda dei inkje Hugen sin stort ut um Heimebøen. Dei aula til dessa altformyket som Mauren berre kring si eigi Tuva, og hava litet Syn baade fyre Maalsak og andre store Tankar.

Fyrr eg foor fraa Hovudstaden, førde Rolfsen meg til Kristoffer Brun, og daa eg hadde fenget samtala nokot litet med honom um Skulen og fenget Rettleidingar um kvat Bøker eg helst skulde lesa og sumt annat, strauk eg av Stad, med takksamt Hjarta mot deim, som hadde synt meg so myken Velvilje og hjelpt meg til, at Ferdi til Hovudstaden vardt meg baade til Lærdom og til Gaman. Dat var, totte eg, likssom lagt ei ny Kraft inn i Bringa mi, lagt ny Nøring til Hjartavarmen ut Samværet med desse Hjartafolki og ved alt dei som eg hadde seet, høyrt og røynt. Eg vonar, at dat inkje skal vera spilt, alt dat, som Uppeheldet i Hovudstaden lagde ned i Hugen min. Naar eg undantek, at eg inkje fekk sjaa elder tala med honom Aasmund Vinje, som var sjuk vorden, so lagade alt seg so myket betre og huglegare en eg nokot Sinn kunde drøymt um. Berre nokre Aar herfyre, so vilde dat no slett inkje voret tenkjande, at ein reideleg Fjellbonde hadde fenget slikt Mottak i Kristiania.

Um Heimferdi mi vil eg berre fortelja, at eg foor um Eidsvoll og Litlehamar til dan gilde Gudbrandsdalen, dar Brun og Janson hava Skulen

deira. Eg hadde no talat med honom Brun um Skulen og Skipnaden og Lærevisi dar, og etter dat som eg attaat høyrde fraa Folk i Dalen gav alt meg dan Tru, at sofraamt me hadde ein slik Skule i kvart større Bygdarlag, so skulde me her i Noreg snøgt sjaa „Haakons Tid igjen", berre med dan Skilnad, som høver med Tid og Livsvilkor no. Gudbrandsdalen kann vera fegen av denne Skulen, so som dat ogso er greide Merke paa, at Folket er. Dette Bygdarlaget skal med Hjelp av denne Skulen maa henda verda eit av dei fremste i Landet og koma til at gjeva Tonen til dat andelege og nationale Livet paa Landsbygdom. Han Brun sagde sjølv dei Ordi, at tjuge Aar heretter skal Gudbrandsdalen vera ei andeleg Magt. Han studde Voni si til Folkjens naturlege Givnad og Skaplynde, men vonlege ogso til Trui paa si eigi Gjerning. Austlandet med sitt Kakjestell treng saart um ein slik Skule med slike Lærarar, som kunna saa ut humane elder folkelege Grunnsetningar i Ungdomen. Dat er paa høg Tid, at dan stygge nedervde Synsmaaten, som kjem fram i Livet paa Austlandet, verd motarbeidt. I eit Folkesamlag, dar dei endaa bruka Svipa paa Tenarom og Husmonnom, turva dei ein

annan Upplysning um Livsens Krav en dei hava havt til dessa. Dat vardt meg fortalt um ein Kakse austpaa, som var komen i Ulag med Arbeidsfolket, at han hentade Bibelen og las upp eit Stykke av honom um, at ein er pligtig at lyda sine Yvermenner, og darpaa so tok han Svipa og dengde Folket. Slik Styggedom skal Skulen i Sel med dei folkelege, hjartevarme Lærararne hjelpa munarlegt til at øydeleggja. Giv no, at me snart maatte faa ein av same Slaget her paa Voss. Um me inkje beint arta oss so som Austmannen gjerer og vyrda meir um Mannsretten fyre kvar einskild Menneskja, so trenga me likavel ogso her til ei høgre Livssyn i mange Maatar, en me no mannjamt hava. Me turva letta upp Augat vaart, so at me inkje berre sjaa vaart eiget Matstræv, men ogso koma til at glytta utanfyre Garden og Heimbygdi. Dat vil vera til stor Hjelp paa denne Vegen, um Folk kunde sjaa seg Syn til at taka seg ei liti Ferd utanfyre si eigi Bygd. Detta var dat, som rann meg i Hugen, daa eg yver Lomsfjelli og Sogn var komen heimatter til mi eigi Bygd og mitt eiget Bygdarfolk.

Song og Toneleik.

Tone: J. Roſenlund o. ſ. v.

Dat er eit Maal, ſom alle Folk
fraa Heimſens Upphav nøyta,
ſom, kvar du kjem, kann utan Tolk
ſeg Veg til Hjarto brøyta;
dat ſmyg ſo lett i Hugen inn
hjaa gamle og hjaa unge,
ei berre i dat glade Sinn,
men ogſo i dat tunge.

Med dette Maal ſeg graahærd Mann
paa Sotteſeng kann fagna;
men Barnegraaten ogſo kann
ved Laaten blidleg tagna.

Dat letta kann dan Sorg og Harm,
som paa ditt Hjarta tærer;
men er i Hug du glad og varm,
dat meire glad deg gjerer.

I ringe Hus, i Konungssal
dat kveikjer same Glede;
ja sjølv dan ville Kannibal
dat trenger til sitt Kvæde.
Naar Stridsmann høyrer dette Maal,
hans Blod i Aadrom brenner;
han lyfter høgt sitt kvasse Staal
og fram med Eldhug renner.

Dat styrkjer oss til Dagsens Gjerd,
dat skapar Tankar linne;
vaar Bøn dat upp til Himmels ber,
dat vekkjer Barneminne;
dat fører Skaldens Tankedraum
so fagert til vaart Øyra;
me tykkjast i dess Tonestraum
tidt Englarøyster høyra.

Og med dat Maal vil alle Folk
so gjerna, gjerna „strœva“;
dat er fyr Mannsens Lengsel Tolk
fraa Alder og til Æva.
Me prisa høgt dat fagre Maal,
som tolkar Hjartatrongen,
og hugvarm' tøma me vaar Skaal
fyr Toneleik og Songen.

Henrik Krohn.

Svar paa Velkomhelsing i Vestmannalaget.

Av Olav Lofthus.

Det var ein Gong ein Bymann og ein Bonde, som skulde stevjast. So sagde Bonden:

„De Byfolk er no so ossa fine,
aat Bonden vil de baa' læ' og grine.
Tru alt, som glimar, er egta Gull?
Tru alt, som blenkjer, er egta Sylv?"

Ja no maa de inkje tru, godt Folk, at eg er komen upp her til at giva Bymannen Slengjeord, — nei var det likt seg, og no skal de høyra, at Bonden fekk Svar paa Tiltalen. Bymannen svarade:

„Ja er det so du hev Gullet inne,
kvi let du inkje det daa faa skine?
Og er det so du hev Sylv til Merg,
kvi gjeng du daa her so full av Erg?"

Sjaa det var no vel tvo Munnhoggarar, som var komne saman og gav kvarandre Spitord paa denne Maaten, og so er det no det og, at naar Folk stevjast, so vega dei no inkje Ordi paa Skaalavigt. Men so heve det voret i langa Tider, at Byfolk og Landsfolk inkje godt hava kunnet eta or same Fatet. Der heve legjet nokot imillom, som heve stengt, og dei skynade inkje kvarandre lenger en til Tennerna. Det, som begge Byte løynde djupare inne, laut kvar hava fyre seg. — Naar Bymannen kom paa Landet, so saag han Folk med harde Nevar, som foor i Skog og Mark med Spade og Øks, Folk, som kunde ro ein Baat elder styra ein Hest, naar ein vilde hava seg Skjots, men som det inkje var Raad at snakka eit vitugt Ord med. Dei djupare Drag i Folkelyndet vardt usedde og ukjende.

So kom Bonden roande til Byen fyrste Gongi. Han saag fullt med fine Hus, større en Kyrkja heima, men fann ingi Vor til at leggja Baaten aat, og sidstpaa laut han daa leggja aat Land uppe i ein Baas millom tvo høge Sjohus. Uppigjenom det tronge, myrke Smoget derifraa lyt han daa bala seg so godt han kann, alt til han stend med eine Foten paa Gata. Men der verd han stan-

dande. Kvat er daa detta? Fullt med kyrkjeklædde Folk paa ein Kvardag? Aa — her maa vera Brudlaup i Byen i Dag, tenkjer han. Men han er bljug og vil inkje stiga inn i Brudlaupsfylgjet; han vil venta til Straumen er faren framum. Men den er endelaus, og so lyt han vaaga seg uti. Han sting Henderna i Luma og tek so støde Stig som han kann, at han inkje skal koma til at ganga paa alle fjore i denne Maurvegen. Han tykkjest no hava gjenget der som inkje kvar Mann kunde koma fram fyrr ogso, men Make til Ulende heve han aldri sett sin Fot paa, — her var daa inkje annat en Stein i Stein, og inkje kunde han faa ganga i Fred helder.

So finn han daa sidstpaa fram til Kjøpmannen sin, kjøper sitt Korn og fyre nokre Skilling i Kringlar og liten Grand paa Butlen til Byblom aat dei heima, og so — heve han seet Byen.

Bymannen kjem fraa „Landturen" og fortel, kvat han heve seet paa Landet, og Bonden kjem fraa Byferdi og torer no segja: „Eg hev voret i Byen". Aa ja, det kunde vera likt skift paa Lag, dei hadde seet ovanpaa, men inkje Botnen.

Paa Bygderna gjeng Mannen um Dagarne so aalvorsam og strævar fyre Livemaaten aat seg og

sine, — der gjeng Kona og tek med so godt ho kann i Mannsens tunge Dagsverk, — og den unge Guten gjeng paa Slaattevollen attmed den bljuge Gjenta, aalvorsleg som ein gamall Mann, — der er dei ute paa Baat og Jagt, inkje bert paa Godversdagar, men lika tidt, naar det er Storm og Uvedr. Der er „the struggle for life“ — Striden for Livet, — det lyt til. Men naar so Folki fraa Onni og fraa Sjoferdi kjem saman i Stova um Kvelden, daa er der Kvild, Kvild i Elsk og Diktning. Daa kjenner kvar med seg, at her er eg heima, her sit eg godt millom mine. Og so kjem gamle Besta med sitt Æventyr, so kjem der Visor og Stev, so kjem der Skjemt og Løgje, og naar so Soli næste Morgonen lyser ut til Framhald med Livsens Hardstrev, so ber ein med seg ny Kraft til Striden fraa slika Stunder.

Og so paa Stødlen! Der var og Bymannen uppe kann henda og saag ei Gjenta og tvo i Tresko midt imillom ein Flokk Naut og so ein Gjætsle-gut og ein Hund etter Smalen burti Bakkarne. Det var det heile. Kven skulde og tru, at der kunde finnast nokot meir en Sut fyre Ost og Smør so høgt til Fjells? Men lat oss taka Ferdi med og

sjaa, og me vilja faa heilt andre Tankar. Fylg med og høyr, kor Gjætsleguten med Smalen rundt umkring seg kann sitja med Munnharpa attmed Fjellbekken og spela, til han tykkjest høyra Nykken taka i med, og han gløymer alt umkring seg inntil Bjølesauden dreg seg framum Haugarne, vekkjer honom, og Taket maa enda. So verd der Lurleik fraa Nut til Nut, — den eine Hyrdingen svarar den andre, og best som det er høyrer ein mjukare Tonar attimillom, — det er Gjentorna, som og ero komne utum Selsdyri og vilja leggja eit Ord i Laget med i denne Lurstevjing, der den eine ser den andre berre som ein liten svart Prikk langt burti Himmelsyndi; men Tonarne byggja Bru.

Dette fine poetiske Liv paa Botnen av det grove kvardagslege, denne Elsk til Heimen og det heimelege var det sjeldan nokon framand, nokon Bymann saag til dessa. Og inkje det Slag betre gjekk det Bonden, naar han kom til Byen, men med den Skilnad likavel, at han saag eit fint ytre, der han sjølv bert hadde eit grovt at syna, og det kunde vel møta dei Stunder hjaa honom og, daa han gjerna vilde byta; men det gjekk yver. At han, Bonden, kunde

hava nokor Sameiga med Bymannen, det hadde han aldri drøymt um.

Det er fyrst i dei seinare Dagar, at Landsfolk og Byfolk hava teket til at tokka nærmare saman paa Sessen. Vaart Lands Diktarar hava synt Bonden fram i sina Bøker, vaare Maalarar i sine Maalarstykke. Bonden verd inkje lenger hædd og utlædd, naar han kjem til Byen og snakkar sitt Bygdarmaal, for Maalet hans heve fenget si Vigsla so god som nokot annat Maal, gjenom alle dei Æventyr og Folkevisor, som det heve boret fram etter at hava gøymt paa deim so lenge, dei som no verd samnade som Gullkorn inkje bert inn til Byarne i Noreg, men eg trur mest eg torer segja yver sjau Kongerike.

Der heve voret Tider, daa vaare beste Tankamenn laut fara ut av Landet til at finna ein so stor Tanke, at dei kunde verma seg ved honom, og fyrst i seinare Tider hava Folk fenget Auga paa den trauste Ankjerbotn, som finst under vaart eigt Folkehav, — den rike Sagaheim, som er Moder til vaart Folkeliv. Daa vardt det funnet, at vaart Land inkje var so tankafatigt endaa, og um enn Noreg lyt føra inn Kornlast paa Kornlast, so kunde

ein daa no onvera ei tvo tri Skipsfarmer av den framande Visdomen, som fyrr heve flotet innpaa ofs i store Bunkar.

Nog er det, Synet er klaarnat og tek til at skilja Forntidi til Folket vaart, og eit slikt Syn maa vera ei Sameiga, som Bymann og Bonde eiga ihop, — det er ei Bru fraa Bygd til By.

Eit Folk, som inkje kjenner seg samandreget av eigne Minne, kann inkje elska Landet sitt stort onnorleides en „Kui Baasen", — du gjeng fyre deg, og eg gjeng fyre meg. Her er endaa myket att millom ofs av detta, at kvar vil løyna seg burt bak sitt eiget Dagsverk, og det er vel inkje minst detta, som gjerer, at der endaa vantar Plankar paa den Brui, som skal bera fraa Bygd til By, fraa Skyning til Skyning likafraa det minste Æventyret i Omnskraai til det finaste Dramaet som Bylivet heve spunnet.

Sjaa Gjætslegutarne, — dei hava skynat det. Dei senda Lurlokk fraa Nut til Nut og snakka saman som um dei sat ved same Bordet. So lyt det verda millom Land og By og. Og dette Lag av Vestmenner, — og eg hadde so nær sagt Vestmanna-

kvende, — heile Laget — det er Vitne stort nog um, at Bonden heve gode Viner i Byen.

Det er hugnalegt at sjaa, og det gjerer godt um Bringa at kynna tru, at:

Baaten siger og snart finner Hamn
og Vin fær kvila i Vinarfamn.
Kvar Saknad er stilnad,
kvar Strid er gøymd;
i Kjenningstemna
kvar Verk er gløymd.
Og bakum Kavet i verste Villa
skin Kveldsol ned paa ei Hamn i Stilla.

Dei eldste Læresetningar til Buddha.

Buddha (dan skinande elder upplyste) var som me vita Religiongjevar fyre Indiafolket. Etter alle historiske Merke var han fødd i dat sette Aarhundradet fyre Kristus og avleid i dat femte (Aar 477?). Han kunde soleides inkje etterlata seg skrivne Lærdomar til sine Læresveinar, daa Skrift i dan Tid endaa inkje var komi i Bruk. Ein veit berre, at nokre Lærdomar, som bera Namnet „Dhammapada" elder Dygdarstigen, alt i dat tridje Aarhundradet fyre Kristus var ein Bolk av dan buddhistiske Kanon og gjekk fyre at vera dei eldste Kundgjerder fraa Buddha sjølv. Desse gamle Lærdomar, som hava voret nedskrivne paa indiskt Maal i dan sokallade Pâli-Tekst, ero i Fjor umskrivne av dan vidgjetne, ovlærde F. Max Müller, Professor ved Høgskulen i Oksford i Engelland. Han er ein av dei frægaste Maalvitenskapsmenner i Heimen, um

inkje dan allra frægaste. Müller er fødd 1822 i Tydskland, dette Landet, som jamt sender so mange utmerkte Lærde til Høgskularne i kringum all Heimen. Han kom til Engelland 1846, vardt Lærar i Oksford 1850 og Heiderslagsmann dar ved Høgskulen 1852. Dat er utrulegt, kor han heve hjelpt fram sjølve Maalvitenskapen, og gjenom Samanlikningar med dei ymse gamle og nye Maalgreiner ogso gagnat dan mytologiske og historiske Vitenskap paa ein Maate, som ein til dessa aldri skulde hava drøymt um.

Me vona, at dat kann vera forvitnelegt fyre Lesararne vaare at faa Kjendskap til nokre av dei ovannemnde Læresetningar hans Buddha, som i Aartusund hava voret Grunnlaget fyre Trui og Religioni til næstan 500 Millioner Menneskjor og endaa er dat dan Dag i Dag. Dhammapada heve i dat Heile 423 Skriftgreiner elder Vers, men me faa her nøgjast med at gjera eit Utdrag berre. Dat er sjølvsagt inkje Meiningen, at dan fylgjande Umskrifti skal ganga fyre vitenskapeleg i streng Meining; dat kann ei Umskrift utan Kjendskap til Grunnteksti aldri vera. Me vilde berre gjeva Folk ein Tanke um Anden elder Grunntonen i denne merke-

lege og klassiske Samning, som sidan uminnelege Tider, Ættlid etter Ættlid skulde vera Vegvisaren paa „Dygdarstigen" fyre Billioner Menneskjor.

1, 2) Alt kvat me ero, er Frukti av dat, som me hava tenkt. Dat er grunnlagt paa vaare Tankar, dat er tillagat av vaare Tankar. Naar ei Menneskja talar elder gjerer nokot med ein vond Tanke, so fylgjer Lidingi henne, lika som Hjulet fylgjer Foten til dan, som fører Vogni. Naar ei Menneskja talar elder gjerer nokot med reine Tankar, so fylgjer Lukka henne lika som Skuggen, som aldri gjeng ifraa oss.

3—5) „Han svivyrde meg, han slo meg, han valdtok meg, han røvade meg". — Hatet hjaa dan, som hyser slike Tankar, vil aldri enda. Hatet hjaa dan, som inkje hyser slike Tankar, vil enda. For Hatet vil aldri enda ved Hat; Hatet endar ved Kjærleike, dat er ein gamal Regel.

6) Og mange vita inkje, at dat kjem til ein Ende med oss alle her; men andre vita dat, og difyre høyra dei upp med deira Trættor.

7) Dan som liver og berre ser paa Gaman, inkje vaktar paa Hugen, umetteleg i sina Gledor, lat og veik — yver honom vil so visst Måra (Frei-

ſtaren) koma, lika ſom Vinden kaſtar eit veikt Tre i Koll.

8) Dan, ſom liver og inkje ſer paa Gaman, vaktar vel paa Hugen, er maateleg i ſina Gledor, trugjen og ſterk — yver honom vil Måra ſo visſt inkje koma, likaſo litet ſom Vinden kaſtar eit Fjell i Koll.

13) Lika ſom Regnet bryt gjenom eit Hus, ſom er laakt tekt, ſoleides brjota Loſtarne gjenom dan tankelauſe Hugen.

15) Illgjerningsmannen ſyrgjer i denne Heimen, og han ſyrgjer i dan komande; han ſyrgjer i baade tvo. Han ſyrgjer, han lid, naar han ſer dat vonde i ſitt eiget Verk.

16) Dan dygderike gled ſeg i denne Heimen, og han gled ſeg i dan komande; han gled ſeg i baade tvo. Han gled ſeg, han fegnaſt, naar han ſer dat reine i ſitt eiget Verk.

19) Dan tankelauſe, alt um han kann ſegja fram ein ſtor Part av Logi, men inkje kann fullføra henne, han heve ingen Lut i Preſtedømet, men likjeſt ein Hyrding, ſom kannar Kyrna til andre.

21) Umtanke er Vegen til Udaudlegſkapen, Tankeløyſa Vegen til Dauden. Dan ſom tenkjer ſeg

um, han døyr inkje; dan tankelause er lika som han alt skulde vera daaen.

27) Gakk inkje etter Faafengdi elder Fagnaden av Elskhug og Lost. Dan som tenkjer og hugsar seg um, han haustar rik Gleda.

28) Naar dan lærde Mannen reker burt Faafengdi med Umtanke, daa vinn han, Vismannen, Kvild i Visdomen og ser ned paa Daararne; langt fraa Møda skodar han ned paa Mugen, som mødest, lika som ein Mann fraa Høgdi skodar ned paa deim, som ero paa Slettelandet.

29) Umtenkt millom dei tankelause, vaken millom dei svevnuge skrid Vismannen framum, likasom Springaren læt Merri etter seg.

34) Lika som Fisken, naar han er teken fraa Vatsheimen sin og er kastad paa dan turre Strandi, so bivrar og skjelv vaar Tanke, at han kann flya fraa Herredømet til Mâra (Freistaren).

35) Dat er godt at temja Anden, som er lauslyndt og hard at halda tilbaka og renn kvart han lyster; ein tamd Ande gjev Sæla.

41) Fyre ein Smaating vil denne Kroppen liggja paa Jordi, vanvyrd, utan Skynsemd, lika som ein udugande Stabbe.

42) Kvat som ein Hatar mun gjera ein Hatar, elder ein Fiende sin Fiende — ein Ande, som er misleidd, vil gjera oss større Uskil.

43) Ingi Moder, ingen Fader elder nokon annan Skylding vil gjera so myket — ein Ande, som er rettelege leidd, vil gjera oss større Gagn.

46) Dan som veit, at denne Kroppen er lika som Skum, dan som heve lært, at han er forgjengeleg, han vil brjota i sunder Pili til Måra og aldri sjaa Daudekonungen.

47, 48) Dauden riv burt ei Menneskja, som hentar Blomar og er vinglen av Huglynde, lika som Flaumen riv burt Garden dar Folket søv. Han riv honom burt fyrr han er mettad i sine Løstar.

49) Lika som Humla samnar Humlevin og flyg burt utan at skada Blomen elder Liten og Angen hans — soleides laut Vismannen liva paa Jordi.

50) Inkje paa Veilorna til andre, inkje paa dei Synder, som dei gjera, elder paa dat gode, som dei lata ugjort, men paa sine eigne Rangstig og ugjorde Gjerningar skulde dan Vise leggja Mark.

51) Lika som ein fager Blom, rik paa Lit, men utan Ange — soleides ero dei fagre, men fruktlause Ordi til dan, som inkje liver etter deim.

53) So mange Slag Kranſar, ſom kunna bindaſt av ein Dunge med Blomar, ſo myket godt kann dat gjeraſt av ein daudleg, naar han eingong er fødd.

54) Angen av Blomarne ſviv inkje mot Vinden, helder inkje Angen av Sandeltreet elder av ei Flaſka Tagara-Olja; men Angen av goda Menneſkjor gjeng (ogſo) mot Vinden; ei god Menneſkja treng all Stad igjenom.

58, 59) Lika ſom Lilja veks kosteleg og full av søt Ange paa Sorpdungen, ſom er kaſtad paa Gata, ſo lyſer Læreſveinen hans Buddha, dan reideleg upplyſte, ved ſin Kunnſkap fram millom deim, ſom likna Sorpet, millom Folki, ſom ganga i Myrkret.

60) Lang er Natti fyre dan, ſom vakjer; lang er Mili fyre dan, ſom trøytt er; langt er Livet fyre Daaren, ſom inkje kjenner dan ſanne Logi.

61) Naar ein Ferdamann ingen møter, ſom er betre en han elder hans Jamlikar, ſo lat honom jamt halda fram med ſi einslege Ferd; med ein Daare er dat ingen Felagſkap.

62) „Deſſe Søner høyra meg til, denne Rikdomen høyrer meg til", — med ſlike Tankar er

ein Daare plaagad. Han høyrer seg inkje sjølv til, kor myket mindre daa Søner og Rikdom!

63) Dan Daaren, som kjenner sin eigen Daarskap, er i minsto vis i dat Stykket; men ein Daare, som tykkjest vera vis, dat er med Sanning ein Daare.

64) Um ein Daare er i Lag med ein Vismann all sin Dag — han vil likaso litet kjenna Sannleiken, som ei Skeid kjenner Smaken paa Supandet.

65) Naar dan vituge er i Lag med ein Vismann, um ogso berre ein Minut — han vil kjenna Sannleiken, lika som Tunga kjenner Smaken paa Supandet.

85) Dei ero faae, som naa til dan andre Strandi; hine springa att og fram paa Strandi her.

86) Men dei, som ganga etter dan rett forkynte Logi, vilja skrida gjenom Daudelendet, so tungt som dat ogso kann vera at koma yver.

90) Dat er ingi Lidingar meir fyre dan, som heve fullført Ferdi si og som heve gjort Møda ifraa seg, som heve gjort seg fri paa alla Sidor og kastat av seg alla Lekkjor.

97) Dan Mann, som er fri fyre Letttru, men kjenner dat uskapte, som heve avskoret alle Band,

burtvisat alle Freistingar, avsagt alle Ynskje — han er dan største av Menner.

103) Naar ein Mann i Slaget sigrar tusund Gonger yver tusund Mann, og naar ein annan sigrar yver seg sjølv — denne er dan største av Sigervinnarar.

104, 105) Ein som heve sigrat yver seg sjølv er betre en alle andre Menner; jamvel ein Deva (Gud), jamvel ein Mâra med Brahma kann inkje skifta til Tap dan Manns Siger, som heve sigrat yver seg sjølv og alltid liver under Sjølvherredømet.

119) Ogso ei god Menneskja ser vonde Dagar, so lenge som hans gode Gjerning inkje er mognad; men naar hans gode Gjerning er mognad, ser dan gode Menneskja lukkelege Dagar.

121) Ingen tenkje lett um dat vonde, so at han segjer i sitt Hjarta: dat vil inkje koma til meg. Dei fallande Dropar fylla ei Skaal. Daaren verd full av dat vonde, ogso um han berre samnar dat Stykke fyre Stykke.

122) Ingen tenkje lett um dat gode, so at han segjer i sitt Hjarta: dat vil inkje gjera meg godt. Dei fallande Dropar fylla ei Skaal. Dan vise

Mannen verd full av dat gode, ogso um han berre samnar dat smaatt um smaatt.

123) Menneskja sky vond Gjerning, lika som Kaupmannen, som heve faae Fylgjesveinar og fører mange Rikdomar, skyr ein faarleg Veg; lika som ein Mann, som elskar Livet, skyr Eitren.

124) Dan som inkje heve Saarhand, torer taka paa Eitren med Handi; fyre dan, som inkje gjerer vondt, finst dat inkje nokot vondt.

129) Alla Menneskjor skjelva fyre Straff, alla Menneskjor ottast Dauden. Kom i Hug, at du er ein av deira Jamlikar, og drep inkje; ver helder inkje Orsak til Døyding.

135) Lika som Hyrdingen med Staven sin samnar Kyrna i Fjoset, so samnar Aldren og Dauden Livet til Menneskjorna.

141) Inkje at ganga naken, inkje uppbundet Haar, inkje Sorp, inkje at liggja paa Jordi, inkje at gnika seg med Duft, inkje at sitja urøyvd, kann reinsa ei daudleg Menneskja, som inkje heve vunnet yver sine Ynskje.

152) Ei Menneskja, som heve litet lært, verd gomol som ein Ulse: Holdet veks, men Kunnskapen veks inkje.

159) Kvar og ein fare so aat, som han lærer andre; dan som heve underlagt seg sjølv, mun underleggja andre. Seg sjølv er dat tungt at underleggja.

167) Liv inkje burt Tidi i Tankeløysa; gakk inkje etter rang Læra; ver inkje ein Vin til Verdi.

168) Ris upp, ver inkje lat, fylg Dygdarlogi. Dan dygderike liver lukkeleg i denne Heimen og i dan komande.

170, 171) Sjaa paa dan glimande Heimen som paa ei Vatsblaasa, som paa ei kongeleg Vogn; Daararne bisna forsjettra paa Vogni, dei vise hefta seg inkje ved honom.

174) Denne Heimen er myrk; berre faae kunna sjaa i honom. Berre faae ganga til Himmelen lika som Fuglarne fljuga fraa Reidet.

197—200) Lat oss liva lukkelege, inkje med Hat mot deim, som hata oss. Lat oss liva hatfrie millom dei hatige, verkfrie millom deim, som liva, usvoltne millom dei svoltne. Lat oss liva lukkelege, um inkjevetta kann kallast vaart eiget.

201) Siger el Hat, for dan yvervundne er ulukkeleg. Dan som heve fraasagt seg baade Sigr og Tap — han er fegen, han er lukkeleg.

210) Ingen sjaa paa dat, som er skjemtelegt elder uskjemtelegt; inkje at sjaa kvat som er skjemtelegt er Hugverk, og Hugverk er dat at sjaa kvat som er uskjemtelegt.

211) Difyre maa ingen elska nokot Slag: at missa dat elskade er ei Ulukka. Dei, som inkje Slag elska og inkje Slag hata, bera ingi Lekkjor.

219, 220) Skyldfolk, Viner, dei som elska helsa ein Mann, som lenge heve voret burte og som kjem med Helsa atter utanfraa. Soleides fagna dei gode Gjerningar dan, som heve gjort godt og er faren fraa denne Heimen til dan andre; lika som Skyldfolk fagna dan heimkomande Vinen.

223) Menneskja sigre yver Breiden med Kjærleike, yver dat ille med dat gode, yver dei svoltne med Givmilde, yver Ljugaren med Sannleike.

224) Tala Sannleiken, yvergjev deg inkje til Breiden. Naar einkvar bed deg, so gjev av dat litle, som du heve; paa slik Veg vil du koma Gudarne nærre.

235) No er du som eit folnat Blad, Daude-Bodberarane ero tett ved deg, du stend paa Durstokken paa Utferd og heve inkje Nista til Ferdi.

244) Livet er uvandt at liva fyre ei Uvyrda,

ein som gjerer Uskil, ein Kranglar, ei Skamløysa, eit Vesalmenne.

245) Livet er tungt at liva fyre ein som er bljug, ein som jamt ser paa dat som reint er, ein som inkje er sjølvnytten, ein fredeleg, flekklaus, umtenkt.

286) Her vil eg bu i Regntidi, her med Sumaren og med Vetteren — so tenkjer Daaren og kjem inkje Dauden sin i Hug.

287) Dauden kjem og tek denne Mannen burt, umgjeven av Born og Fenad, lika som Flaumen riv burt Garden dar Folket søv.

291) Dan som søkjer Gleda samstundes som han fører Hugverk paa andre, han vil, innsnørd som han er i Forbanningi av Hatet, aldri vera fri fyre Hatet.

304) Ei god Menneskja lyser langt burte lika som eit Snjofjell; ei vond verd inkje seet, lika som Pili, som flyg gjenom Myrkret.

Til Kvendi.

Tone: Olav Glomstødlen hadde so lang ei Brudferd.

I Noreg det gamle er Vetren so lang,
so seint det seg lagar til Vaarliv med Song,
i Dalar det Skreid etter Skreid siig ned,
men endaa so braadnar den digre Bred.

I Noreg det gamle so langdrøg er Natt,
men ljost verd her endaa, naar Soli kjem att';
i Lauvskrud seg klæder vel seint vaar Lid,
men blomprydd stend Fjellet ved Jonsok Tid.

I Noreg stod Kvendi som Blomen til no
i Vetren og vann inkje fram undan Snjo;
men der det i Roti er Livsens Kraft,
det døyr 'kje fyrr det hev sin Sumar havt.

Og aldri meir frisklitad Blomen du fann
en der som han seint undan Snjoen seg vann;
her endaa han difyr i Bløming stend,
naar annan Stad han er av Soli brend.

Ja, deg, som fyrst no fær din Kumar slaa ut,
me sjaa paa med Fagnad kvar Mann og kvar Gut.
Um seint i vaart Arbeid ditt Rom du fær,
so kjem du dess betre, naar Timen slær.

Ja kom med din varme og leikande Hug!
Det just i det milde er Styrke og Dug.
Me trenga til Armar, som tungt kann slaa,
men ogso til klappande Hender smaa.

D'er Kvendi, som ala skal Ungdomens Trong
til alt som er fagert i Dikt og i Song;
ho stullar i Stova som Vaarsol varm,—
daa blømer det fram av den unge Barm.

Or Augo dei milde skal Gutarne smaa
dei Tankarne lesa, som Vængjer vil faa,
naar Dagen er komen at bera kring
vaart Norrønanamn i ein større Sving.

Ja, Kvende, me knyta vaar Framtid til deg;
sosant du vil fylgja oss hugheilt paa Veg,
det fell 'kje i Mist, at fraa Tram til Tram
vaar Norskdom skal slaa seg til Maalet fram.

Hans Mo.

Nokot um Gullet.

Um Gullet og dess Utbreidsla paa Jordi heldt J. Morris, Professor ved Høgskulen i London, nyst eit Fyredrag i London Circus. Dat var ei Mengd med Folk av alle Stand, som lydde paa honom med dan største Undring. Eit slikt Emne er ogso av stor materiell Vigt fyre alle Land, og faae Ting vil vel kunna gjera Rekning paa slik Medhug hjaa Aalmenningen, som Gullet. Me kom til at tenkja paa detta, daa me las um dat nemnde Fyredraget, og dat rann ofs i Hugen, at dat trulege vilde vera forvitnelegt fyre Lesararne vaare, um me ogso bar fram nokot um dette same Emnet. Or Fyredraget hans Morris hava me teket nokot litet av dat, som me tykte kunde høva med dette litle Stykket.

Kemien, elder rettare dei, som stella med denne namnkjende Vitenskapen, hava lært ofs, at alt dat, som er paa Jordi, livande og daudt, Land, Hav og

Luft er skapt av og kann sunderskiljast i visse einskilde Grunn-emne elder Grunn-to. Kemikararne hava til dessa funnet sjautti slike Grunnemne paa Lag. Sume av desse Emne, som hava sterke fysikalske Sermerke, kallast Metaler; dei merka seg ut fraa dei andre Grunnemne mest ved ein sereigen Glans (Metalglans), ved sereigne Liter, ved stor Tyngd, ved at ein inkje kann sjaa igjenom deim, og darved at dei leida Varmen og Elektrisiteten. Seg imillom syna dei større elder mindre Skilnad i Vigt, i Maaten at kunna braadna elder smelta og at kunna verda luftformade, i Hardleike og i at kunna smidast, sveisast og hamrast ut; framleides skilja dei seg ut ved dan lettare elder tyngre Maaten som dei dragast til Surstoffet paa.*) Metalerne nemnast med ymse Namn (Alkalimetaler, Alkalijordmetaler), men dei talrikaste er dei sokallade Tungmetaler. Desse plagar ein skilja i fine og

*) Surstoff er ogso eit Grunnemne, som er myket utbreidt i Naturi. I Lufti er til Dømes vel som ⅕ Part Surstoff og i Vatnet ⅔ Partar. Surstoffet er dat, som er Orsak til at dat legst Rust og Eir paa Staal, Jarn, Kopar og andre Metaler, dat vil segja at dat kemisk bind seg isaman med Metalen elder dragast til paa Grunn av dan sokallade Affinitetskrafti.

ufine (edle og uedle), alt um ein slik Skilnad er mykket vilkorleg, naar ein skal taka dat strengt. For dat vilde i Grunnen vera dat rettaste at kalla dei Metaler dei finaste, som er dei nyttigaste, og paa denne Maaten laut ein soleides kalla Jarnet dat finaste av alle Metaler.

I dan sedvanlege Ordbruk verda dei Metaler nemnde fine, som merka seg ut ved ein fager Lit, stor Glans, ved at kunna smidast lett, men framfyre alt ved at vera uumskiftelege i Elden og i Lufti. Til desse høyra Gull, Sylv og Platina, som hava dat største Verde baade til kunstrike Endemaal og som Bytemidel i Handel og Vandel. Umfram desse verda ogso Kvikksylv, Palladium, Iridium, Osmium, Ruthenium og nokre fleire reknade med til fine Metaler.

Gullet, som me her stuttlege vilja halda oss til, synest, som me vita, gult i Ljosstraalarne, som kastast tilbaka, men grønt i Straalarne, som leidast igjenom, naar ein held dat millom Ljoset og Augo. Dan makalause Glansen til Gullet er vorden til eit Ordtøke: „glimande som Gull“. Denne kostelege Metalen er makalaus lett at hamra ut. Han kann rekkjast ut til dei grannaste Traadar og hamrast ut

til dei tunnaste Blad, lika til ei Tjukn, som inkje er meir en $^1/_{300000}$ av ein Tume. Daa dat fyre meste Luten finst i reint Tilstand og i dei yngre Jordlag, so heve dat voret lett at leita upp. Difyre naar ogso Kjendskapen til denne Metalen heilt upp i dan eldste Forntidi. I Bibelen verd Gullet nemnt nær tvau hundrad Gonger som brukat til ymse Endemaal. I Lag med Sylv verd dat nemnt aatteti Gonger paa Lag. Gullet, som umtalest i Bibelen, er etter alle Merke komet fraa Nubia og Aetiopia. Dat vardt utvunnet i Landet imillom Nilfossarne og dat raude Havet av dei sokallade sekundære Jordlag, som ero skapte ved Sundring og Maling av Granitstein. Utvinningi heve voret heilt simpel ved Utskiljing med Henderna og Siling gjenom Klutar, Ullfeldar og sovordet. Darifraa skrivst Segni um Jasons gylde Feld. Dat egyptiske Ordet fyre Gull er Nub, darav Nubia, Gullandet; Ordet fyre Sylv er Hat elder „kvitt Gull". Soleides heve Gullet fraa aldri so lenge voret eit Emne av stort Verde, som alle Folk i Forntidi ogso idigt strævade med at finna og utvinna, greidt nog fyre di dat hadde so fager ein Glans og Lit, som gleim i alle Manns Augo, og fyre di dat kjendest

so tungt, var so lett at smida og stod imot baade Luft og Eld.

Dan største Luten av Gullet finst, som ovan er nemnt, i reint Tilstand, utan at vera kemisk i Hop komet med Steinen, som dat heve leget i. Dat finst jamt i Lag med (legerat med) Sylv, sjeldan darimot ogso med nokre andre Metaler, so som Tellur, Vismut, Palladium, Rhodium og Antimon. Dat finst ogso i Lag med Svovelkis, Koparkis o. fl.*) Gullet er myket vidt utbreidt paa Jordi, lika som Jarnet, men dat er myket ulikt Jarnet i dat Stykket, at dat fyre dat meste er i reint Tilstand, medan Jarnet er kemisk samanbundet med andre Emne. Gullet finst i dei eldste Fjell (Grunnfjell) likaso vel som i dei yngre geologiske Stein- og Jordlag. Desse sidste maa me likavel koma i Hug ero framkomne ved Sundersprikking og Sundermaling paa ein elder annan Maate av Fjellet.

---

*) I seinare Tid hava Folk teket til at vinna ut baade Gull og Sylv av Svovel- og Koparkis. Soleides ved dat store Koparverket Fahlun i Sverike, dar dei med dan største Umak paa kemisk Maate taka ut dei fine Metaler, endaa dar berre er 1 ℔ Gull paa 250,000 ℔ Kopar. Dat svarar seg likavel godt med denne Utvinningi.

Darved er Gullet vordet skilt fraa Steinen, og paa dan Maaten er dat no helder lettvint at skilja ut Gullet, som ligg reint og skirt i Auren elder Molden. Ein held Gullet, som finst paa denne Maaten, jamlegt fyre at vera reinare en dat sokallade Berggull. Eit Slag Jordkynd, som Gullet ligg i, kallast Gullsaapa, og i denne er Gullet baade ov-fint og finst stundom i Klumpar so store som ei Not og jamvel større so einkvar Gongen. I Australia er dat funnet dei største Klumpar, alt upp til 20,000 Dalars Verde. Fyre dat meste er Gullet likavel so sparsamt blandat baade i Steinen og Sanden, at ein snaudt kann sjaa dat med berre Augo og stundom jamvel slett inkje. Som me vita, hava dei nyst funnet gullførande Jordlag i Noreg nørdst i Finnmorki i Dalføret etter Tana-Elvi, men dat er inkje likt til, at dat vil lona seg nokot vidare med Gullvasket dar.

Fyrr trudde Folk, at Finnestaden til Gullet, lika som til flestalle fine Metaler, berre var i Varmlendi; men no er dat aalkjent, at dat finst i alle Jordbolkar. Daa Spanjolen kom til Peru i Sudamerika, fann dei dar ei Mengd med Gull og Sylv hjaa dan innfødde Landslyden, so at dette Landet

daa vardt haldet fyre at vera dat rikaste paa Gull. Folket dar var eit emnelegt Folk og langt framkomet i ein Kultur, som paa sin Maate var i full Bløming. Dei hadde gjenom mange Mannsaldrar drivet paa med at vinna ut Gullet or Aur og Minor dar i Fjelllandet, so at daa Spanjolen kom, fanst dat Gull mest i kvar Stova, og Europafolket meinte difyre, at Landet maatte vera utømelegt paa Gull. Gulltorsten hjaa Spanjolen gjorde, at dei foor aat som Udyr mot Landslyden. Dei røvade og herjade kvar dei foor fram, nokot som var so myket lettare som Folket var mildt og fredlegt av Huglynde. Desverre var dat inkje berre Gullet, som dei paa dan Vis røvade fraa Perufolket, men dei øydelagde med dat same dan heimelege Kulturen, som maa henda kunde vakset seg stor og vordet til Bate fyre heile Mannsætti, soframt som han hadde fenget veksa sin eigen Vokster i Fred. Pizarro, Herføraren, og Heren hans hadde godt Tilføre til at stilla Gulltorsten sin i Peru. Dan ringaste Soldat fekk so myket paa sin Lut av Stridsbytet, at han vilde voret ein rik Mann, soframt han inkje hadde spelat dat burt, som so mange gjorde. I Soltemplet i Hovudstaden Kuzko var dat eit stort

Bilæte av Soli, som var av skirt Gull, som gleim so, at dat mest vilde blinda Folk. Ein av Hermennerne, Lequizano, fekk denne Soli paa sin Lut og var darmed ein grunnrik Mann, men han tapte henne i Spel same Natti. Sidan hava dei i Spania eit Ordtøke, som læter so: Juega el sol antes que amanezca: han spelar burt Soli fyre Solrenning. Ein kann faa ein Meining um Storleiken paa Gull og Sylvskattarne, som dat var i Peru, naar ein fær høyra um Løysepengarne fyre dan peruanske Ynka elder Kongen Atahuallpa, som Pizarro hadde fangat ved Svik. Dat tok ein heil Maanad med Brædingi elder Smeltingi av alle dei Gullkjerald og Staup og Stavs, som vardt boret til dei giruge Spanjolar til at løysa ut atter dan elskade Kongen til Perufolket. Verdet paa Løysepengarne vilde no vera likt med 18 Millioner Dalar. Sylvet vog 51,610 Merker, og Resten var Gull. Farm etter Farm av Perus Skattar vardt sendt heim til Spania, men myket av dat ligg no paa Havsens Botn, av di sume av Skipi tynteſt paa Vegen. No verd dat inkje vunnet nokor Mengd med Gull i Peru, og at dat var so myket daa,

kom seg som sagt av di, at dat var spart i Hop i lange Tider.

Eit annat Land, som fyrr dan nyare Tid heve vunnet meste Gullet, er Rusland. Ein kann av Segner i vaar Mytologi um dei hage Dvergsmidar i Fjelli langt aust skyna, at dat i eldgamle Dagar heve voret vunnet Gull i Rusland, trulege paa same Landemerke som no, aust og vest fyre Uralfjelli, og endaa er Rusland dat Landet her i Europa, som vinn dat meste Gullet. Men alt dat Gull, som er vunnet i dei fyrre Aarhundrad, er ingen Ting i Samanlikning mot dat Gullet, som verd utvunnet i vaart Aarhundrad, og daa mest i dan sidste Mannsaldren. No kjem dat meste Gullet fraa Kalifornia og Australia, dar tusund paa tusund halda paa med at grava og vaska i Elvasanden og Moldbakkarne attved Elvafaret i dei ymse Dalføre til at finna denne glimande Metalen, som kann gjera ei Menneskja hugsprengd og kaat, som kann kveikja dan villaste Gleda og valda dan verste Hugverk, som Mannen trulege vil jaga etter i komande Tider, so som han heve gjort i dei gangande. Glansen av denne fagre Metal, som i seg sjølv er so litet før til at stilla vaar daglege Trong elder

vaar rette andlege Hunger, er vel lagad til at misleida Mannen paa hans Veg etter at finna Sæla paa Jordi. Guljaget er eit godt Bilæte paa, korleides Mannsanden tek dan ytre Glansen fyre dan indre Godleiken. Han triv etter dei glimande Gullstraalar og fær eit kaldt Stykke Metal i Handi, som oftaste fører Kulde til Hjartat og tidt verd honom til andlegt Tap og Spilla.

Ute og heima.

Ved Jonsok 1871.

Daa me sidst i November i Fjor skreiv um dan tydsk-franske Ufreden med all sin Styggedom, hadde me dan Voni, at me inkje skulde faa sjaa nokot fælare en dat, som dan store Striden med alt sitt Blod og Brand til dan Tid hadde boret fram fyre Augo vaare. Men dat, som me sidan hava seet, er endaa myket verre og jamvel med dat fælaste, som nokor Tid er hendt i Mannaheimen. Meir skakande Tidender, en som no berast til oss fraa Frankrike, heve Saga aldri havt at rista inn paa dan store Tavla, som alt fyreaat ber so mangt eit ryselegt Bilæte fram fyre Augo vaare og dar Mannsætti altfor ofta kann sjaa sin Livsveg avmerkt med dei fælaste Blodmerkje og dan myrkaste Villmannskap. Større Hat, sterkare Framsyning av dat vonde

i Mannsnaturi og verre Svivyrding av dat fagre og sanne, en som me no sjaa Døme paa hjaa dat Folket, som vil hava Namn fyre at vera Fyregangsmann i Kulturen, fekk Saga til dessa inkje at bera Bod um. Dat er som Blodet vil stadna i Aadrom vaare, naar me lesa um dat fælaste av dat som fælt er, og ein lyt ofta leggja Avisorna fraa seg under Lesnaden. Dat er med Uvilje og med Rædsla me fylgja med Tidenderna um all Stygge-domen; dat rys i Holdet vaart, naar me sjaa paa sidste Akti i dat store Syrgjespilet, som byrjade snart eit Aar sidan, og dat stig fram eit varmt Ynskje um, at dat ogso i Røyndi maa vera dan sidste Akt.

Daa me i Fjor bar fram vaare Tankar um dan tydsk-franske Ufreden, hadde me likssom fenget Tru paa, at Franskmannen skulde voret i Stand til at verja seg mot Tydskarom, so at han sidstpaa i minsto skulde faa gjera eit Forlik, som inkje vardt Frankrike til altfor stor Skade og Vanæra. Me hadde som ei Von um, at naar dat franske Folket hadde gjort seg fri fyre dat napoleonske Keisardømet, so skulde dat syna seg einigt og sterkt nog til at kunna møta dan tydske Herstraumen og hindra honom i Framsiget. Dei Tidender som komo til

oss, men som dat no syner seg heve voret litet truande, syntest at tyda paa, at dat franske Folket var vaknat til nytt nationalt Liv, og at dat gjekk ein varm og viljesterk Haatt gjenom heile Landslyden, som vilde driva honom til at standa saman i ein Fylking og verja Land og Rike til sidste Mann. Men dat var store Ord og liten Vilje, saag dat ut til, for hadde inkje dat voret, so skulde Frankrike med slike Hjelpekjeldor og slik Mannsstyrke, som dat endaa hadde at raada med, hava kunnat gjera sine Ting likare en dat gjorde. Som Upphavet var, so vardt ogso Enden. Planlaust og vitlaust hadde dat styrt utfyre Bakken og planlaust gleid dat nedfyre utan Stans, til dess heile Greida laag i Aalvelta. Inkje paa ein einaste Stad kunde dat vinna Fotfeste, inkje ein einaste Gong var dat ført til at møta Fienden paa karavis elder i Stand til at vinna eit Slag, som dat var Mun i.

Og som ein kunde venta, so vardt ogso Freden daretter. Mange hundrad tusund Mann i utlendsk Fangeskap; tridje Luten av Landet i framandt Vald; Tap av kvart einaste større Slag; Usemja i Styret og i sjølve Folket; Ugreida i Herforsyningi og Hovudstaden inneklembd var inkje nokot godt

Grunnlag til at gjera Fredsemja paa. Og dat var fulla Synd at segja, at inkje Tydsken gjorde Bruk av Yvertaket sitt. Me tru visimog inkje, at Fransk-mannen hadde voret mildare elder lempelegare, um han hadde havt Yvertaket, tvertimot, men me vilja i Kulturens Namn og til Helsebot fyre dat aal-menne Framstiget i Mannamilde gjera dat Kravet til Tydskland, som kallar seg dat best upplyste Land, at dat inkje skulde latet Magti raada yver dan sanne Folkeretten, og helder krevt mindre en dat etter dan stygge Krigsbruk hadde Tilføre til. Me sigta her helst til dan Uretten, at dat heve fen-get fransktalande Bygder innlagde til Tydskland. Detta er eit Tiltak, som Tydskararne ogso trulege vil koma til at angra paa seint elder tidlege. Dei uhorvelege Pengesumar, som Frankrike lyt punga ut med, kann fulla ogso svida hardt nog, men eit so rikt Land, som dat franske, armast inkje ut av detta. Dat vil inkje trenga so mange Aar, fyrr dat med god Styremaate kann retta seg upp or dan Leger-voll, som Pengetapet heve ført dat i, og darmed er dat Saaret grødt og Svida gløymd; men Tapet av franskt Land med Folk som er franskt baade i Sinn og Skinn, dat er verre at gløyma, og soframt

Frankrike fær koma til nye Krafter og ny Styrkje, daa vil tvillaust Franskmannen ein Gong freista paa at vinna atter dei franske Bygder, som han no heve tapt, med mindre so vel skulde henda at dan europæiske Folkeanden og heile Politikken til dan Tid skulde vera komne inn i eit mildare og meir fredsælt Far, nokot som dat dessverre endaa inkje er mange Merke til.

Me sagde: soframt som Frankrike fær koma til ny Kraft og Styrkje, for me tykkja fulla, at dat kann vera mange Merke hjaa dat franske Folket no, som kann gjeva Grunn til Tvilsmaal i so Maate. Dat er inkje dan Ting, som me tru er dan verste, at dat i Striden med Tydskland gjekk so fullkomet i Tapet og fekk slikt Stryk, at ein mest aldri heve høyrt gjetet Maken. Detta er vistnog eit talande Merke paa Veikleike og Magtløysa, men ein kunde tenkja seg, at laak Styremaate kunde vera Hovudorsaki, og at Folket, naar dat fekk Augat upp fyre sitt eiget Skakkstyre, kunde beinka seg uppatter, kunde retta dat som rangt var, og reisa dat som velt var. Paa denne Maaten kunde sidstpaa Striden med Tydskland verda Frankrike til dan rette Lærdom og dan beste Helsebot, um ogso Lækjemi-

delet var helder kostasamt og tungt at svelja. Naar ein ser Tingen fraa denne Sida, so er dat endaa inkje so fælt med all dan Ulukka, som lagdest inn paa Frankrike med Tydskestriden, for Ulukka vilde paa ein Maate bera Soningi med seg sjølv. Men dat som er hendt i Frankrike etter at Striden med Tydskland var stilnat, er utan Samanlikning so myket, myket verre, og ber Merke paa, at dat er something rotten i dan franske Folkeroti, eitkvart rotet, som attaat synest liggja so djupt og heve etet so ikring seg, at dat kann vera helder vonlaust med at finna Helseboti.

Alt dan Maaten, som Folket valde til Tings paa under Vaapnkvila som gjekk fyre Fredsemja i Vaar, bar inkje dat beste Merke paa, at dat stod vel til med dat aalmenne Helsetilstandet. Dat maatte fulla koma helder bratt paa ein og kvar, at franske Folket, som etter alle Merke hadde fegnast ved Republiken og som nokre faae Maanader fyreaat hadde boret sin Fagnad fram som sterkaste um alt Landet, so snøgt skulde syna sin Motburd mot honom, ved at velja til Tings næstan berre Kongsmenner, elder slike, som dei viste hadde huglagt Kongedømet og vilde arbeida paa at faa detta inn-

ført atter. Ein heve fulla voret van med at sjaa Fransk-mannen fara or dan eine politiske Hamen og i dan andre, men at han skulde gjera eit slikt Braabyks i dat Tilstand, som Landet daa var i, var verre en ein jamvel kunde venta dat hjaa denne politiske Galningen. Dei fyrste Møte paa Thinget i Bordeaux tykte me og bar so litet Merke paa sann Fedralandselsk og høghjartad Synsmaate, at ein gjerna kunde missa dan Medhugen, som ein elles laut hava med eit Folk i slik national Leger-voll, som Fransk-mannen daa var. Innbyrdes Træt-tor um dei argaste Smaating, unaudige Raadgjer-der, som inkje annat kunde en øsa upp Folket, so som dan uvyrdne Aatferd mot Garibaldi og mot Tingmennerne fraa Paris, var dat som dei spilte Tidi med; men av uppglødande Tale og store Tan-kar høyrde ein litet og inkje. Og fraa dan Tid at Tingstemna vardt flutt til Versailles heve dat vo-ret helder verre og inkje betre. Dat som ein mest heve høyrt gjetet er Rop og Staak fraa høgre Sida, naar dat fraa dan litle republikanske Flokken kunde koma ein Tanke, som høvde med eit sant folkelegt Styre, og Skrik og Skraal fraa vinstre Sida, naar dat fraa Kongsflokken vardt framboret nokot, som

gjekk i ei onnor Leid. Og daa Kommunen vardt grunnlagd i Paris, vardt dat fyrst til fullkomi Raadløysa. At dat i dei Tankar, som laag til Grunn fyre Kravi til Kommunen, var mangt som dat var god Meining i, er nokot som verdt medgjevet i snart sagt alle politiske Blad og Skrifter i Europa. Men dat var so langt ifraa at Tingmannskapen og Styret i Versailles vilde raadleggja um, kvat som gjerest kunde til at fylla dei rettvise Krav og stilla Stormen, at dei tvertimot berre møtte Parisar Sendenennerne med Spott og Storlæte.

Dat syner ogso paa sin Maate Landsens andelge Armod, at ein slik gamal Mann som Thiers er valdt til Styresmann i Frankrike, denne Mannen, som attaat sin store Alder er av ein foreldad politisk Skule og utan Medhug med dei nyare nationale Tankar, som Napoleon med all sitt Skakstyre likavel hadde Syn paa. Thiers heve soleides oret Uvin baade til dan italiske og til dan tydske Einskapen, og me hugsa korleides han stendigt sitt Motmæle mot dat napoleonske Styret hve talat fyre dan avleggs Jamvigts-Politiken. At Frankrike paa ei Tid, daa dat meir en nokot Sinn fyrr trengde til dan friske Hugstyrken

og dat andlege Sprett og Spenn, som berre kann finnaſt hjaa Mannen i dan yngre Alder, no lyt hjelpa ſeg med ein graahærd Mann med dat politiſke Syn ſom Thiers, detta er fulla eit godt Merke paa dat noverande politiſke Helſetilſtandet i Frankrike. Anten finſt dat ingen Mann av dan yngre Slægti, ſom heve Flogvit nog, elder ſom merker ſeg ſoleides ut, at han kann duga til dan Fyrgangsmannen, ſom dei ymſe politiſke Fylkingar kunna flokkaſt um, elder daa vantar dat paa dan aalmenne Offerviljen, dan gode Fedralandshugen, ſom i ſike Tider vil tvinga eit Folk, ſom inkje er nationalt vunført, til at gløyma ſine eigne ſerſkilde politiſke Smsmaatar, gløyma ſine mindre Strider, naar dat gjeld um dat ſom ſtørre er, um at bruka dan Mannen, ſom heve Viljeſtyrken og dan andlege Magt til at tyra Rikſkipet ut or Straumen og frelſa dat fra at grunnſtøyta. Og baade i dat eine og i dat andre Tilfellet halda me dat fyre at vera eit grætelegt Merke paa Armod og Veikleike i Folkeroti.

Men dat verſte Merket paa Vanhelſa hja dat franſke Folket, ei Vanhelſa ſom ſyneſt gang fraa Top og til Rot og radt inn i dan inſte Aergen, finna me fulla i Aatferdi til dan pariſiſke Kommu-

nen. Me maa koma i Hug, at dat inkje berre var uupplyste Folk, som dan 18de Marts toko Styret i Hovudstaden til Frankrike. Dat var inkje berre misnøgde Arbeidarar og samvitslause Æventyrarar, som her var med, men Menner med Kunnskapar og paa sin Maate med varmt Hjartelag. Dat heve no ogso synt seg, at mange av deim hava meint dat vel. Dei hava inkje spart seg sjølv, men under Striden offrat Liv og Blod fyre sin Tanke, og sume av deim hava gjenget gladeleg i Dauden, lika som dei gamle Heltar og Blodvitne. I Daudestundi, daa dei som Røvarar utan Log og Dom vardt nedskotne av Soldatarne fraa Versailles, høyrde me deim med Eldhug ropa Lukka fyre Kommunen og fyre Mannamilde, som dei sjølv truddest vera Stridsmenner fyre. Og dei same Folk hava nokre Timar fyreaat voret med paa at lata skuldlause Folk, slike som Erkebispen i Paris myrda, samtykt i at riva ned historiske Minnesmerke og raadt til at brenna og øyda heile dat fagre Paris med sine ubetalande makalause Kunstskattar, dei fredelege Borgarar, Kvende og Born og alt som i var. Er dat inkje eit greidt Merke paa folkeleg Vanhelsa i denne fullkomne Skorten paa at kunna skilja ilt fraa godt,

denne Vanvyrding av alt dat, som Mannsætti til denne Dag heve haldet i Æra, denne moralske Synkverving hjaa Folk, som var alt annat en faakunnige, kalde elder ukloke av naturleg Givnad, og som ein difyre skulde venta hadde dan rette Byrdnad fyre Sedskap og Mannamilde. Og i Lag med deim sjaa me Kvende og Born, uppglødde Ungmøyar og gamle Kjerringar, som midt uppe i dan øydeleggjande Striden korkje sky Eld elder Vatten elder dan rasande Soldatstraumen. Men dat er her inkje Staden til at friska uppatter all denne Styggedomen, som vaare Lesarar tvillaust synast hava leset altfor myket av fyreaat. Dat som no heve gjenget fyre seg i Paris, baade paa Sida til Upprørsflokken og paa Sida til deim, som kalla seg rettføre Styresmenner, kann inkje annat en fylla oss med Rædsla og Motburd, so vist som dat er utan Fyredøme i Heimsens Saga. Me nemna dat difyre her berre so myket som er naudsynlegt til at uppklaara vaart Emne, elder til at gjeva Grunnar fyre dan Meining, som me her vaaga oss til at bera fram, dan Meining, at dat maa vera nokot sjukt og vanført hjaa dat franske Folket, som jamvel synest truga med at eta av sjølve Livsnerven.

Me faa her halda fram, at me fyre vaar Part aldri hava kunnat vera med paa denne Forguding av Frankrike, som heve voret raadande her i Landet og som me, likſom ſo mangt annat, hava lært av Danmark, ſom alltid heve haldet med Frankrike i likt og ulikt, til liten Bate fyre Danmark ſjølv. Me tykkja at dat er lagt altfor mykket paa dan Ting, at dat er Frankrike, ſom meſt aaleine ſkal hava hjelpt Fridomen fram i Heimen. Me tru, at dan Fridomen, ſom heng i Hop med dan ſanne Kulturen, gjeng ſin jamne hiſtoriſke Veg, likaſo ſjølvſtødugt utanfyre Frankrike ſom i Frankrike, og naar me ſjaa paa dei Hinder, ſom leggjaſt i Vegen, ſo finna me, at juſt dan Villmannsmaaten, ſom dat franſke Folket jamt heve brukat, naar dat ſkulde til at føra Fridomen praktiſk fram i Livet, kann hava voret dan beſte Studningsſtolpe fyre Attergangsmennerne. Me finna ogſo, at dan ſtørſte politiſke Fridomen, ſom er framgrodd i dan nyare Tid, fekk ſitt Heimland i Amerika fyrr dan franſke Umſtøyt i 1792, og er runnen fraa England i ſitt fyrſte Upphav. Naar me leſa til Dømes dei engelſke ſtatsøkonomiſke Bokmenner i dat ſidſte Aarhundradet, ſo finna me, at dei i mange Stykke bera fram Fri-

domstankarne likaso greidt og skilet som nokon Fransk-mann. Dat som tvillaust vil verda Grunnlaget fyre dan komande Folkefridomen, er dan aalmenne Byrd-naden fyre Arbeidet, som Engelskmenner, slike som Smith, Owen o. m. fl. hava lært oss ved sine framifraa gode Skrifter, og som Amerikanararne endaa betre hava lært oss ved at hava boret Byrd-naden fyre Arbeidet fram i Livet snart i eit heilt Aarhundrad. Nei, dat er inkje berre i Frankrike at Fridomen og Jamlika arbeidast fram, men dat er darimot i Frankrike, at Fridomsstrævet artar seg so rasgalet, at dat snur seg til sin eigen Motsetning og verd til dan verste Ufridom og Hardstyre, og darmed legg seg i Vegen fyre dan jamne Fridoms-vokstren baade innan og utanfyre Landet. Naar dan folkelege Fridomen og dei demokratiske Tankar hava gjenget helder seint fram i England, Tydsk-land og andre velsedade Land, daa er dat kann henda inkje minst Frankrike, som lyt bera Skuldi. Dan Ugreida og dat Folkehardstyret og all Styg-gedomen, som alltid fylgjer med dei franske sokallade Fridomsfreistnadar, giv Atterhaldsmennerne altfor myket Vaapn i Hender og styrkjer deim til ogso at hindra dan jamne Framgangen mot Fridom og

Alalmugestyre, som gjeng fyre seg i dei germanske Land, inkje so myket ved Paaverknad fraa Frankrike som myket meire til Traas fyre Frankrike og paa Grunn av dei Naturloger, som tvinga Fridomen til at gro jamsides Folkeupplysningen. Me vita at Folkeupplysningen alt lenge heve stadet innskriven paa Merket til flestalle germanske Folkeferder, medan darimot dat, som Frankrike til dessa heve gjort i dat Stykket, er jamgodt med inkje. Og naar Prøysardømet og slike Karar som Bismarck hava fenget for stor Magt, so at dei, naar dei vilja, kunna hindra dan sanne Fridomen, kven er dat daa, som Skuldi skal bera, andre en just Frankrike med dette æresjuke Folket, som i lange Tider heve voret Hermannssvipa til Europa og som heve tvingat sine Grannar til at standa stridsbune til Tennerna. At eit Folk, som til dessa heve merkt seg ut ved Alalmennings-Faakunna og Lyst til Hermannsferd, skal vera dat som best kunde føra dan folkelege Fridomen fram og vera andre til Fyregangsmann, kunna me aldri tru. Kunna me læra nokot av Frankrike, so er dat myket meir korleides me inkje skulo fara aat, en korleides me skulo fara aat. Med dei sidste Hendingar i Frankrike fyre Augo hava me

fenget Tilstyrkning til dan Trui, som me fyrr tildeils hava havt, at dat paa ingen Maate verd Frankrike, som skal ganga i Brodden og vera Merkesmannen korkje fyre dan politiske Fridomen elder fyre dan sanne folkelege Kulturen som Heimen stemner fram imot, iminsto inkje fyre Folk av germansk Upphav. Me sjaa i dei blodutte og ville Umstøytar i Frankrike sidan 1790 ein einaste samanhangande Framsyning, som tyder paa at Folket er moralskt skakkøyrt og i høgre Grad en nokot annat kultiverat Folk treng til at retta seg upp or dan moralske Sekkemyri, som dat no i eit halvt Aarhundrad er siget lenger og lenger ned i. Me sjaa i Mordet paa Erkebispen og dei andre skuldlause Gislar no i 1871 Framsyningi av dan same umenneskelege Ande, berre i ein endaa høgre Grad, som me finna i dei verste Guillotine-Dagarne i 1793; me sjaa i dat noverande Kyrkjeranet, Forfylgning og Draap av Presteskapet og Avdøming av Religioni dan same Gudløysa, som me finna, daa dei 1793 avsette Gud og i Notredame-Kyrkja innsette Kona til Mormoro som Bilæte paa dan Religioni (Mannsvitet), som daretter skulde dyrkast; me sjaa i Mordbranden og Øydeleggingi av Kunstskattar og Minnesmerke no i

1871 dan same Raaskapen i sin fullmogne Vokstr, som i 1792 og 93 øydelagde dan offentlege og private Eigedom, kristelege Kunstverk og kongelege Gravar; me sjaa i dat skamlause Frillelivet til dei kommunistiske Styresmenner i 1871 dan same dyriske Sedløysa, som me finna hjaa Marat og hans Samlikar i 1793; me sjaa i Upploysingi av Huslivet og Ægteskapet og i Aatferdi til Kvendi, som utan all Bljugskap gjeng med paa dei verste Gjerningar av Hat og Raaskap, berre ein Fullføring av dan same Anden, som tok til at koma fram hjaa dat franske Folket med Umstøyten 1792.

Og paa dan andre Sida sjaa me i Napoleon dan tridje dan same Openberring av Sjølvkjærleiken, som fiskar i gruggutt Vatten, som i Farbroderen Napoleon dan fyrste; me sjaa i Aatferdi til Styreshermennerne mot Upprørsmennerne og mot Kvendi og Born no dan same nationale Hjarteløysa, som daa dan franske Heren i 1851 gjekk Ærendi til Magttjuven Louis Napoleon og skaut ned i tusundvis; me sjaa i Tingmannsflokken i Versailles ei Framsyning av kongelege Kaksar, som utan Flogvit og utan Skyn paa dei store Krav, som no ero framme, „ingen Ting hava lært og ingen Ting

hava gløymt", og som paa eit Haar likna dei tidlegare duglause Kongsmenner, som berre hava havt Styret i Frankrike til at gjera dat politiske Tilstandet meir og meir ugreidt. Me sjaa i dat heile i Saga til Frankrike fraa 1792 til 1814—1830—1848—51 og 1871 eit grøtelegt Bilæte paa eit politiskt umyndigt og eit moralskt utskjemt Folk, som maa vera oss alt annat en til eit Mynster. Me saag nylege i eit av vaare eigne Blad, at Tydskland med sin Folkeupplysning, sin nationale Styrke, sitt varme Huslivd vardt liknat med ei andleg Dydemark. Etter vaar Meining kann detta myket helder segjast um Frankrike. Baade naar me sjaa paa dat politiske Tilstandet, paa Folkeupplysningi, paa dat religiøse Livet, paa Huslivet og Samfundslivet, og maa henda helst naar me sjaa paa dan franske Bokavlen, sjaa me som paa eit Folkelende, som er yvergrott med Ugras og Tistlar, so at desse truga med at kjøva kvar dan fagre Blom, som vil renna fram. Bokavlen heve alltid, og visst med retto, voret nemnd som dat greidaste Merke paa dat andlege Tilstandet hjaa dei ymse Folk. Men dan franske Bokavlen no syner Bilætet av eit Folk utan moralsk Merg. Sedløysa, Sjølvmord, Gud-

løysa, Vanhelgd av Ægteskapet, ero dei Dygder, som paa meir elder mindre løynleg Maate verda lagde inn i Romanheltarne deira, og dat som Kunsten ber fram i Leikhuset og paa annan Vis, er yver all Maate lettferdigt og mest etlat til Augnalyst og Kjøtslyst. Dat er difyre ingen Ting at undrast paa, naar me hava seet korleides dei verste Skøyteløysingar og Agaløysor no under Borgarstriden strøymde til Paris fraa dei andre Europaland. Dat heve voret som ein Svartalvaheim no i nokre Mannsaldrar, dar alt dat villaste og verste politiske Herkjet søkte til, naar dat var Tilføre til di, for her i dette agelause Landet kunde dei vona at faa fram sine vonde Raader, her kjendest dei som heima.

Me tru difyre, at dat vil vera til liten Bate fyre dan aalmenne Sedskapen, um Frankrike framleides verdt etterapat som Mynsterlandet fyre Kulturen. Dat er vaar Meining, at dei i Frankrike no i lang Tid heve dyrkat Skalet fyre Kjernen, dat som synest vera stort og fagert, men som inkje er dat. Frankrike heve kvervt Syni paa Europa og heile Heimen, so at Folk sjaa berre paa dan ytre Glansen og gløyma dat makketne og dan moralske Styggedomen, som ligg innunder. Kom berre i

Hug Sedløysa og Frillelivet, som no skamlaust trivast i kvar By, kom i Hug Jaget etter Rikdom og ytre Glans, som tvingar Folk til at offra all si Tid paa Strævet etter materiell Vinning og fær deim til at misagta dei andlege Gjeremaal. Dat er sagt at Bunaden, som Kvendi bera i dei ymse Tidabil, er ei Avspegling av Tidi. Hovudbunaden til Kvendi no, med sine lause Flettor og Haarlokkor utanpaa glansande, men med dei morkne Nautehaar og annan Styggedom inn i, synest ogso vera eit raakande Bilæte paa Anden, som heve sniket seg inn paa vaar Tid. Og altsaman heve dat sitt Upphav fraa Frankrike, som dessverre altfor mykket heve voret Fyregangsmannen i desse Ting. Me ero vist inkje blinde fyre dat lette og fine som finst i dan franske Sedskapen, og me ynskja, at dat som me vilja kalla Sprett og Spenn i Tankelaget hjaa Franskmannen, maa koma dan aalmenne Sedskapen og darmed andre Folkeferder til godes. Men dat lette og smakfulle er vordet so yvergrott av dat ville, sanselege og upaalitelege, at altsaman synest kverva burt i Verdløysa og andleg Vesaldom. Me ottast fyre, at soframt Frankrike framleides skal verda Mynstret fyre Europakulturen, daa verd han snart

so skakkøyrd, at han vonom fyrr ligg i Aalvelta. Dat er tvillaust nokot nerveveikt hjaa Franskmannen paa Lag som hjaa dan utlivde Drikkaren, som stendigt lyt liva i Rusen,*) elder som hjaa dan lostefulle, som alltid leitar etter ny Fysemat fyre dei uppslitne Sansar. Me samanlikna Frankrike i so Maate med dat gamle Grekland elder Rom i deira sidste Glansdagar, daa dan gamle Kulturen paa ein Maate druknade i Lauslivnad og Materialisme. Me sjaa ogso, at dei beste Menner i Frankrike til Domes slike som dan gode, frilyndte Pater Hyacinthe, sjaa paa sitt Fedraland paa Lag paa same Maaten, som me gjera her, sjaa at Frankrike ligg nedsokket i eit Dike av Udygd og Sedløysa, som

*) Dat heve ofta voret sagt, og sume her heima tuta sterkt i dat Hornet, at Frankrike er „Jdeernes Land". Me tru at detta ogso er ein helder laus Tanke, som dat er lagt for myket Vigt paa. Dat er fulla so, at dei finna paa mangt i Frankrike, senda ut mangt utenkt, og dat kann stundom sjaa ut, som dat var eit heilt sereiget Tankearbeid som kokte dar. Men tru dat i detta inkje ogso kunde samanliknast med dan drukne Mannen? Han finn ogso paa mangt utenkt, dat ser ogso ofta ut hjaa honom som han skulde vera i dat største Tankearbeid, og han kann ogso jamvel stundom koma fram med ein og annan Tanken, som kann vera baade kvas og sermerkt elder original.

dat no lyt reisa seg upp or, soframt dat inkje reint skal ganga til Grunns. Dat er ogso detta, som kann bera Voni med seg fyre Frankrike, at dess eigne beste Menner sjølve sjaa kvat dat er som vantar. Naar dei no berre inkje maa tala fyre dauve Øyro, likjom Profetarne fyre Jødefolket! Me faa vel i lengste Laget likavel vona, at dei Ulukkor og all dan Rædsla, som Frankrike heve lotet lida paa dat sidste, skal reinska ut myket av Styggedomen og reisa upp Folket; men aldri kunna me tru at Framtidi heve etlat Frankrike fyrste Romet i Sedskapsframgangen. Daa hava me større Tru til dei germanske Folkeferder, som tvillaust hava dan historiske Gjerning at gjera, at føra praktisk fram dan personlege Fridom, og darmed ogso dan aalmenne, som inkje kann kvila paa Terrorisme elder Socialisme elder Gudloysa, som no jamt ligg paa Botnen av dat franske Fridomsstrævet.

Difyre heve dat voret helder saart, tykkja me, at sjaa paa dan aalmenne Synkvervingi, som raadde her i Landet no under Striden Tydskland og Frankrike imillom, og som sidstpaa gav seg Utlaup i alle Tilstelningarne med Bazarar og i Hop Sankingi av Pengar Landet ikring til dei franske. Me kunna

inkje annat en sjaa i alt detta eit Medhald med Fransmannen og dat franske Stell og Vesen, og eit Motlegg mot dat tydske. Me sjaa stor Skade i dat Tydskehatet, som so trutt er upparbeidt i vaart Folk i seinare Tid ved dan agelause Einstødingsmaaten, som heve voret brukad i Skrift og Tale. Dat skal inkje verda greidt at faa venda Folkesyni paa rett Leid atter, og me maa vera segne paa ein Maate, at Tilburdarne tok dan Vegen i Frankrike, at dat likjsom slo i Hel alt dat tankelause og einsidelege Snakket um fransk Dygd mot tydsk Udygd og Villmannskap. Lagnaden vilde, at so flirande skulde henda, at til same Tid paa Lag, som vaar urike Aalmugamann tok sidste Erveslylvet paa Kistebotnen og gav til dei franske, og samstundes som Tenestegjenta i sine faae Fristunder sat og spøtade og saumade til dan franske Bazaren, daa byrjade dat som verst med Mord og Stuld i dan franske Hovudstaden, daa tok Fransmennerne til med at skjota kvarandre i Hel, myrda sine beste Generaler og at spilla sin nationale Rikdom i dan fælaste Borgarstrid, som endaa heve voret uppteiknat i Sagaboki.

Detta kunde vera oss til eit Varamerkje, at

me ogso maa bruka Visdomen, naar me skal bera vaar Medhug fram i Dagen. I dat heile skulde me av dat franske Stellet no læra at sjaa med Skynsemd paa alt dat som gjeng fyre seg ute i Heimen, læra „at prøva alt og gøyma dat gode". Dat er so ofta talat um, at ein maa fylgja med Kulturen og inkje stengja seg inne fyre seg sjølv. Detta er eit sant Ord. Men me maa ogso koma i Hug, at dat er inkje godt alt som glansar, og inkje lidugt alt som dansar. Dat er inkje sann Sedskap, alt som ber dette Namnet. Dan sanne Sedskapen maa høva med Dygd og Moral, som me kjenna deim innskrivne i vaart eiget Samvit. Dan sanne Sedskapen maa inkje riva seg laus fraa dan Grunnvollen som Mannsanden til dessa heve bygt sin Framgang paa. Dan rette og umiskjennande Sedskapen maa hava si Rot i Kjærleiken. Men kunna me segja at so er Tilfellet med dan franske Sedskapen og heile dat franske Stellet? Kvar ero dei Merke, som Kjærleiken til dat gode og sanne, Kjærleiken til Gud og Mann alltid maa lata etter seg? Me sjaa litet av detta i Frankrike sjølv, og me sjaa litet av detta i dei franske Bøker, i dan franske Ovbunad elder Luksus, i dei franske Laus-

prydnadar, som beraſt inn ogſo i vaart Land. Lat oſs difyre vera vare med at taka formyket etter andre, men helder i lengſte Laget halda oſs paa vaare eigne Vegjer i Sedſkapsframgangen. Lat oſs ſjaa til, at me kunna tenkja med vaare eigne Tankar og arbeida oſs fram med vaar eigen Dug, ſtanda paa eigne Føter og rydja vaar eigi Tuft. Halda me oſs paa ein ſlik Grunnvoll, ſo kann dat berre vera til Gagn at ſjaa ſeg um og merka ſeg Livet og Framgangen utanfyre, ſo ſom ein og kvar upplyſt og umtenkt Mann vil gjera. Dat heve ogſo ſynt ſeg og dat vil alltid ſyna ſeg ſo, at dan Mannen, ſom held ſin eigen Heim i Æra og ſtend ſtødt paa heimeleg Grunn, han er dan, ſom er beſt før til at fylgja andre i Framgangen og ſom med ſtørſte Nytten kann tileigna ſeg dei aalmenne gode Ting, ſom renna fram or Heimsſedſkapen. Fyrſt naar ein kjenner ſeg ſjølv, kann ein rett ſkyna ſeg paa andre. Dan rette nationale Mannen vil difyre ogſo juſt hava dan ſtørſte Byrdnaden fyre dat framande og dan ſterkaſte Hugen til at fylgja med og tileigna ſeg dat gode fraa dan aalmenne Kulturen. Han kann prydaſt med ymiſt av dat framande utan at ſjaa ut ſom ein av deſſe Aparne, ſom me møta ſo ofta og ſom iklæda

seg heile dan framande Hamen utan at kunna skilja likt fraa ulikt. Me, som halda oss paa heimeleg Grunn, kunna difyre gjerna flira aat deim, som standa paa motsett Sida, naar dei skulda oss fyre at vera Heimfødingar, som vilja halda Kulturen ute, ganga tilbaka i Tidi, vanvyrda Kunnskapen, dyrka Raaskapen og kvat dat no heiter altsaman i denne tidt kvedne Leksa. Slik Tale syner berre, at dei inkje skyna korkje dat nationale Spursmaalet elder dan aalmenne Sedskapen, at dei inkje kjenna seg sjølv og sin eigen tjodlege Livsgjerning og difyre ogso ero uføre til at skyna seg paa Kjernen i Heimskulturen, so at dei likaso snart taka Skalet, so som til Dømes er gjort i Jaget etter alt dat franske Væsen. Deira Klagemaal mot oss falla tilbaka paa deim sjølve. Slike Folk er dat ingi Mark paa. Me halda oss difyre ogso hugheile paa vaar norske Synsmaate og ganga stødt paa Vegen mot Maalet vaart, som er at arbeida oss fram til at verda dat litle gode Mynsterfolk, som Skalden Aasmund Olafsson Vinje so tidt talade um. Hans Diktning kann og i mange Stykke vera oss til eit godt Fyredøme. Han fylgde fulla med i dat aalmenne Heimslivet, men han saag med sitt norske Auga, tenkte med sin

norske Tanke og song paa sitt norske Tonelag, so at hans beste Skaldskap vardt kavande norsk, paa same Tid som han ogso gøymde dei nyaste Kulturtankar. Me kjem i Hug, at han ogso skreiv eit forvitnelegt Stykke um Franskmannen i fyrste Argangen av Dølen, som syner, at han inkje var so langt ifraa dan same Meining, som me her hava lagt fram. Me tykkja Gaman i vera, at her gjeva atter nokre av dei kvasse, skjemtelege Ordi hans. Han segjer:

„Femti Aar før Christi vardt det (Frankrike) inntekjet af Romeren Julius Cæsar, og Folket, som var der før, kallade Romerne Gallier. Gallus paa Latin heiter ein Hane paa norsk, altso Gallerne er det sama som Hanarne, og det er enno i mange Ting eit høvelegt Namn paa dette Folk. Alt paa den Tid havde Gallerne god Hug paa at slaast og gjera Upprør, segjer Cæsar; den same Hugjen hava dei aljamt havt, og det er ogso Hane-Hugjen. Hanen gjeng med Sporar og reikar fram som ein Hermann (Officer) med flogrande Fjør paa det gage (tilbagebøygde) Hovud, med gule og blaae og raude Fjørir paa Skrott og Lær og Leggir, jagande etter Høna med sprikte Vængir og tøygjande Halsen ga-

lande. Alt dette er so fransk, som det vera kan, likſom det er hermannlegt. At hermanna ſeg, kallas i Byen at „offera ſeg"; paa Landet heiter det at hana ſeg, og i „Culturſproget" laut det vel heita at „franſke paa ſig". Naar Hanen gjeng inn med Høna, heiſar han ſeg upp og ned paa Tæarne, likſom dei vøre af Fjødrir. Det ſama gjerer Franſkmannen, og det er all Hermanns-Gang, helſt naar Damer er med. Det er ſo reint galliſk (hanelegt) at ſjaa Franſkmennar ganga paa Gata med ſi „Dame" i Armen; dei fara baade heiſande paa Tæarne, ſetjande Taai ut og Hælen inn likſom Hanen. — — Scribes Komedier ſyner oſs det franſke Liv ſo godt, at eg titt har tænkt meg ſitjande i ein Hønſegard. — — Det er dette lauſe i Tankemaaten med Kjærleik og Giftarmaal og den dermed fylgjande Lausleik i Husſtell og Barna-Seding, ſom gjere Sit med til, at Fridomen ikki kan trivas i Frankrik, men at der enten er ein loglaus Fridom, ſoleids ſom i 1848 eller ogſo eit loglauſt Hermanns-Riki (militær Despotisme) ſoleids ſom no under Napoleon den 3die. Likeins var det under den fyrſte Omſtøyten (Revolution) fraa 1789 til 98, daa Napoleon den 1ſte eller den ſtore, ſom han no kallas i Motſet-

ning til Son sin, som var den 2den, helt det fransk Folk og Størsteparten af Europa under Sabelen, so det kvaarki torde tala eller skriva, alt til Verdi ikki længer vilde tola slikt Trugsmaal og Slagting". — —

Me sjaa av dessc Ordi i dat nemnde Stykket hans Vinje, at han saag paa Fransmannen med kvass og sjølvstødug Syn og med god Skynsemd. Dat var slikt me vilde, at alle skulde gjera, naar dei sjaa seg um ute i Heimen, so at dei inkje lata seg daara av dan ytre Glansen. At sjaa seg vel um, dat er baade naudsynlegt og gagnlegt, naar ein berre ser seg um paa dan rette Maaten og med dat rette Vitet. Daa er dat ogso mangt at læra av Fransmannen, alt um han inkje er dan Mynstermannen, som Folk altfor myket heve gjort honom til. Fyrst naar ein ser seg um paa rette Maaten, er ein før til at henta dat Byggjefanget hjaa dei andre Kulturfolk, som maatte vanta til at gjera dat heimelege Huset prydelegt og samhøvelegt med Tidi og med seg sjølv.

Nedburd i Bengalen. Dat er vidgjetet, at dat er myket med Regn i Bjørgvin og Grendi her i kringum. Dei hava funnet ut, at dat her

skal bera ned alt til 80 Tumar med Vatn um Aaret elder so myket, at alle Mann, undanteket Major Hansen laut drukna i dat, um dat vardt standande. Alt um dat no verd vitnat av deim, som halda Rekning med Nedburden, at detta er for myket sagt, so vita me, at dat kann rigna drustelegt her vest med Havet, og me faa finna oss tolugt i, at Folk slengja Skjemtord etter oss fyre alt Regnet vaart, som dat stundom likavel kann verda for litet av ogso, so som i denne Sumaren til Dømes. Og so kunna me trøysta oss med di, at dat finst dei Land, dar dat rigner lika myket og jamvel endaa myket meir en her hjaa oss, soleides i Bengalen. Me skulo her gjeva ei Lista paa Nedburden paa ymse Stader dar, etter dei Røynslor, som Engelskmannen Blandford heve gjort i 1868 og 1869. Ein kann or denne Lista ogso sjaa, kor myket Nedburden verd større og større di lenger ein kjem til Fjells, nokot som høver med dan namnkjende Regel, at Fjelli verka som Tettningsreidskap paa Vatseimen i Lufti. At dat paa dan eine Staden (Rangbi) som nedanfyre er nemnd, synest vera større Regnmengd, en ein etter Regelen skulde venta, maa hava

si Orsak i nokot sermerkt ved Landslaget, Vind-draatten elder sovordet.

	Tumar med Regn.	Høgd yver Havet.
Dardskilling . .	117.9	6950 Fot.
Rangbi . . .	167.0	5000 —
Risjap. . . .	104.9	2000 —
Rangpur . . .	85.2	70 —
Dinagepur . .	85.4	80 —

Ormastyng i India. Dat er jamt ovmange, som verda i Hel stungne elder rettare bitne av Ormar i India. I Fjor laut soleides 11,416 lata Livet paa denne Maaten, og av desse var dat 4146 Vaksne. Dat var 2694, som ein viste, at dei vordo bitne av ein Orm, som kallast Kobra; darimot var dat næstan 7000 Tilfelle, som ein inkje kjende til kvat Ormeslag dat var som hadde bitet. Naar ein legg til Grunn dat ovannemnde Talet paa deim, som ein veit ero i Hel bitne av Kobra, daa kann ein likavel gissa seg til, at 5000 paa Lag maa vera bitne av denne Ormen. Dat heile Talet paa dei ormbitne, som lata Livet sitt, gjev eitt Tilfelle paa kvart 10,000 av Folkemengdi.

H. K.

Innehald.

Tridje Hefte.

Sida.

Um Kunnskapar og Daning. Fyredrag av Georg Fasting . . . . . 3.

Hardingfela. Av Olav Lofthus . . . 29.

Um Varmen paa Jordi. Utarbeidt etter Cazin og Carl av Henrik Krohn. II . . . 31.

Her heima. Av Hans Mo . . . . . 63.

Fyre Minnesmerket aat Harald Haarfagre. Tale av Henrik Krohn . . . . . 66.

Ute og heima. Av H. K. . . . . 79.

Fjorde Hefte.

Nokre Minne fraa ei Austlandsferd. Av Olav Brekke . . . . . 3.

Song og Toneleik. Av Henrik Krohn . 29.

Svar paa Velkomhelsing i Vestmannalaget. Av Olav Lofthus . . . . . 32.

Dei eldste Læresetningar til Buddha . . . 40.

Til Kvendi. Av Hans Mo . . . . . 53.

Nokot um Gullet. . . . . 56.

Ute og heima. Av H. K. . . . . 66.